

Desember 2018



KOMMUNAL PLAN FOR FYSISK AKTIVITET, IDRETT OG FRILUFTSLIV FOR BALESTRAND, LEIKANGER OG SOGNDAL KOMMUNE, 2018 - 2023

1. Føreord

Idrett og fysisk aktivitet er det som engasjerer dei fleste av oss i fritida. Det krev aktiv samfunnsplanlegging for å ivareta desse interessene i arealforvaltninga og for å få til ei fornuftig tilrettelegging og organisering av dei ulike aktivitetane. Plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv er ein felles temaplan for Balestrand-, Leikanger- og Sogndal kommune, som frå 1.1.2020 vert nye Sogndal kommune. Planen vert kommunane sitt styringsverktøy for å nå mål og strategiar innanfor idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.

Planen er utarbeidd av ei arbeidsgruppe med representantar frå alle kommunane, og med utgangspunkt i Kulturdepartementet sin rettleiar; «kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet».

Eit viktig føremål med planen er at den skal leggja til rette for auka aktivitet i heile den nye kommunen, i nærleiken av der folk bur.



2. Samandrag

Stortinget har gjort vedtak om at kommunane Balestrand, Leikanger og Sogndal skal slåast saman til ein kommune frå 1.1.2020. Med bakgrunn i dette har kommunane gått saman om prosessen med utarbeiding av ny kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.

Fysisk aktivitet er eit samlande uttrykk for leik, mosjon, idrett, trening, meistring, kroppsøving, gå eller sykle til skule eller jobb, med meir. Fysisk aktivitet kan grovt sett definerast som det å bevega seg.

Det overordna målet til kommunane er «fysisk aktivitet for alle». Den organiserte idretten må få moglegheit for utvikling, samtidig som ein legg til rette for kvardagsaktivitet og tilbod i nærleiken av der folk bur.

Planen vektlegg frivillig sektor si sentrale rolle på dette feltet. I kommunane er det mange som er med på organisert idrett. Populære idrettsgreiner med meir enn 200 medlemmer er fotball, ski, friidrett, handball, volleyball og padling. I utgangen av 2017 var 5444 av ca. 11500 innbyggjarar medlem i eit lag eller ein organisasjon innanfor idrett eller fysisk aktivitet. Dette utgjer ca. halvparten av innbyggjarane, noko som viser idretten sin sterke posisjon i desse tre kommunane. Tal frå Sogn og Fjordane idrettskrins viser vidare at det innan idretten i desse tre kommunane vert utført frivillig arbeid tilsvarande 82 årsverk eller til ein verdi på kring 41 mill. kroner i året.

I tillegg kjem frivillig arbeid knytt til friluftsliv i ulike variantar; dugnader for tilrettelegging av t.d. turstiar, dagsturhytter, leirplassar men også organisering av aktivitetar som turar og leirar. Så har vi alt frivillig arbeid i organisasjonar som Pensjonistlag, Røde Kors, Norges forbund for utviklingshemma og mange fleire som gjer at ulike grupper får hjelp og tilrettelegging til å kunne vere aktive på sine premissar. Det er eit faktum at svært mykje av aktiviteten innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv skjer i ulike lag og organisasjonar. For å nå måla i planen og lukkast godt med dette arbeidet, vert det lagt opp til gode prosessar og eit aktivt samarbeid med frivillig sektor.

Gjennom planen skal ein unngå prioriteringar på bakgrunn av kortsigte behov og press frå særinteresser. Planen er meint å gje kommunen, fylkeskommunen og Kulturdepartementet ei reell oversikt over anleggsbehovet, bidra til å sikra ei behovsretta anleggsutvikling i kommunane og dermed også sikra eit betre grunnlag for prioritering av spelemidlane. Planen skal vidare ha fokus på tiltak for å få fleire til å nytte anlegga, tiltak for å få fleire til å vere meir fysisk aktive i kommunen.

Planen skal samordnast med andre planar, t.d. syne arealbehov for anlegg som bør inn i kommuneplanen sin arealdel, koordinerast med ein samla plan for folkehelse og ikkje minst koplast til kommunen sin økonomiplan og årsbudsjett.

Planen skal innehalde eitt handlingsprogram for anlegg og eitt handlingsprogram for aktivitetstiltak. Planen vert realisert gjennom kommunen si årlege rullering av desse handlingsprogramma.

Generelle føringar som leggjast til grunn for prioritering i handlingsprogrammet:

1. Behov for anlegg
2. Årstal for første søknad
3. Rehabilitering av eksisterande anlegg med høg aktivitet
4. Nærmiljø- og friluftslivanlegg – for eigenorganisert aktivitet og til områder med låg anleggsdekning
5. Ordinære anlegg for organisert aktivitet- konkurranse- og treningsanlegg.
6. Støtteanlegg (klubbhus, toalett, garderober, lager, tribune, p-plass, etc.)

3. Innhold

1. Føreord	1
2. Samandrag	2
4. Innleiing og bakgrunn for planen	4
5. Utviklingstrekk i kommunane.....	5
6. Kommunane sin idretts- og friluftslivspolitikk	7
6.1 Overordna mål	7
6.2 Delmål	7
6.3 Strategiar.....	8
6.4 Retningsliner for utforming av anlegg	8
6.5 Føringer for prioritering av handlingsprogram	8
6.6 Bakgrunn for kommunen sin politikk på området	8
6.8 Spelemiddelordninga	10
7. Resultatvurdering av førre plan	13
7.1 - Balestrand	13
7.2 - Leikanger	13
7.3 – Sogndal.....	14
7.4 – Spelemiddeltildeling i førre periode	15
7.5 Oversyn over anlegga som har fått spelemiddeltildeling.....	15
8. Forhold til andre planar.....	18
9. Planprosess.....	18
10. Omtale av nosituasjonen for kommunane.....	18
11. Vurdering av aktivitet og framtidige behov	19
12. Handlingsprogram	19
12.1 Handlingsprogram for aktivitetstiltak	19
12.2 Handlingprogram for anlegg	20
13. Langsiktig del	31
13.1 Balestrand	31
13.2 Sogndal.....	33
13.3 Leikanger	33
Vedlegg:.....	35
Anleggsregister	35
Resultatvurdering.....	35

4. Innleiing og bakgrunn for planen

Stortinget har gjort vedtak om at kommunane Balestrand, Leikanger og Sogndal skal slåast saman til ein kommune frå 1.1.2020. Med bakgrunn i dette har kommunane gått saman om prosessen med utarbeidning av ny kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.

Planen erstattar kommuneplanane for idrett i Balestrand, vedteken 03.12.15, Leikanger, vedteken 15.12.11 og rullert i formannskapsmøte 12.12.2013, og Sogndal, vedteken 12.12.13, og er utarbeidd med utgangspunkt i Kulturdepartementet sin rettleiar; «kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet». Planen vert eit viktig styringsverktøy for å nå dei mål og strategiar som vert sette for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv i nye Sogndal kommune.

Eit viktig føremål med planen er at den skal leggja til rette for auka aktivitet i heile den nye kommunen, i nærliken av der folk bur.

Gjennom planen skal ein unngå prioriteringar på bakgrunn av kortsiktige behov og press frå særinteresser. Planen er meint å gje kommunen, fylkeskommunen og Kulturdepartementet ei reell oversikt over anleggsbehovet, bidra til å sikra ei behovsretta anleggsutvikling i kommunane og dermed også sikra eit betre grunnlag for prioritering av spelemidlane. Planen skal innehalde handlingsprogram for anlegg, og skal i tillegg syne arealbehov for anlegg som bør inn i kommuneplanen sin arealdel. Planen realiserast gjennom kommunen si årlege handsaming av handlingsprogrammet.

Staten har eit overordna mål om å leggja til rette for at alle som ynskjer det, skal få moglegheita til å drive idrett og fysisk aktivitet. Gjennom nasjonale føringer har satsinga på fysisk aktivitet dei siste åra blitt tydeleg forsterka. Mål og strategiar i planen samsvarar godt med nasjonale mål og føringer.

Planen skal vedtakast i kommunestyret i alle dei tre kommunane og skal vera eit styringsreiskap for politikarane og administrasjonen i gjeven periode på området nærmiljøanlegg, friluftsanlegg og idrettsanlegg, samt leggja føringer for andre oppgåver knytt til idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Kommunale planar skal reviderast/rullerast kvart 4. år.

Fysisk aktivitet er eit samlande uttrykk for leik, mosjon, idrett, trening, meistring, kroppsøving, gå eller sykle til skule eller jobb, med meir. Fysisk aktivitet kan grovt sett definerast som det å bevega seg.

Fysisk aktivitet er ei kjelde til helse og livskvalitet, og er nødvendig for normal vekst og utvikling hjå born og unge.

Fysisk aktivitet som helsefremjande faktor er ei "ferskvare", som må haldast ved like gjennom dagleg rørsle og aktiv bruk av kroppen (regeringa.no).



5. Utviklingstrekk i kommunane

Fysisk aktivitet kan grovt sett definerast som det å bevega seg, og er eit samlande uttrykk for leik, mosjon, idrett, trening, kroppsøving, gå eller sykle til skule eller jobb, mm.

For kommunane Balestrand, Leikanger og Sogndal er det mange som er med på organisert idrett. Populære idrettsgreiner (meir enn 200 medlemmer) er fotball, ski, friidrett, handball, volleyball og padling. I utgangen av 2017 var 5444 av ca. 11500 innbyggjarar medlemmer i eit lag eller ein organisasjon innanfor idrett eller fysisk aktivitet. Det vil seie ca. halvparten av befolkninga, noko som viser idretten sin sterke posisjon i desse tre kommunane.

I rapporten Kunnskapsgrunnlag for fysisk aktivitet, utarbeidd på oppdrag frå Helsedirektoratet i 2015, er det peika på sentrale utviklingstrekk i nivå for fysisk aktivitet i befolkninga over tid; «*Samfunnets krav til kroppsbruk har blitt kraftig redusert de siste tiåra, og i mange samanhengar er det tilrettelagt for at fysiske anstrengelser ikke skal være nødvendig. Det er særlig hverdagsaktiviteten – knyttet til daglige rutiner – som har gått ned. Noen grupper i befolkningen trener mer enn før, men det ser ikke ut å kompensere for den reduserte hverdagsaktiviteten.*»



Vidare seier rapporten: «*Med unntak av de yngste barna er det fysiske aktivitetsnivået i befolkningen urovekkende lavt. Allerede fra seks- til ni årsalderen synker aktivitetsnivået. Blant niåringene oppfyller 86 % av guttene og 70 % av jentene anbefalingene om i gjennomsnitt minst 60 minutters daglig fysisk aktivitet. Blant 15-åringene er tilsvarende tall 58 % blant guttene og 43 % blant jentene. Kun én av fem voksne oppfyller anbefalingene til fysisk aktivitet. Det er en trend med økt trening i deler av befolkningen. Treningen kompenserer likevel ikke for stillesitting på skole, jobb, transport og foran skjerm. Stillesitting er økende og bør sees på som et selvstendig atferdsproblem.*»

Desse tendensane i samfunnet syner at det er viktig å bidra til å senka terskelen for dagleg fysisk aktivitet for folk i alle aldrar. For born og unge er idretten ein viktig arena for aktivitet og meistring, og for å læra

gode vanar og ferdigheter for framtida. Samtidig veit ein at mange born og unge ikkje deltek i organisert idrett. Det er derfor viktig at det også finst arena for dagleg fysisk aktivitet, slik som opne tilgjengelege nærmiljøanlegg i parkar og skuleplassar som inviterer til varierte fysiske utfordringar. Eksempel på dette kan vere skating, sparkesykkkel, og klatrepark. Desse aktivitetane har auka mykje i omfang dei siste åra, med utgangspunkt i uorganisert aktivitet. Omfanget av denne type aktivitet aukar dersom ein vert betre på fysisk tilrettelegging.

Tal frå både SSB og andre undersøkingar syner at ein betydeleg del av den vaksne befolkninga nyttar friluft som arena for fysisk aktivitet. Gå og springa for å mosjonera, trenar eller nyta naturen, sykkeltur, skitur, eller å velje å gå eller sykle i staden for å ta bilen.

Sjølv om Noreg er eit rikt land med høg levestandard og eit av verdas mest likskapsorienterte samfunn, syner studien «sosial ulikhet i helse» frå Høgskulen i Oslo og Akershus (2014) at det er betydelege sosiale forskjellar i samfunnet. Hovudbiletet er at dei med høg utdanning har betre helse og lever lenger enn dei med lite utdanning. Dei sosiale forskjellane i helse har auka dei siste tiåra, og dette ser ut til å fortsetja. Friluftsliv peikar seg fram til å vera den forma for fysisk aktivitet der sosiale forskjellar i minst grad gjer seg gjeldande. Å satsa på lågterskel friluftsliv i nærmiljøet vil derfor bidra til å utjamne desse forskjellane, samtidig som det er viktige helsefremjande tiltak for å auka kvardagsaktivitetten.

Deltaking innanfor friluftsliv er ofte knytt til attraktive turområde, grøne område i nærleiken av der ein bur, stiar og turløyper. Når gangavstanden til friluftslivområda aukar ut over 10 minutt, vert bruken av områda mindre. Undersøkingar syner at det ikkje bør vera lengre enn 200 meter til små grøne område og 500 meter til større grøne område, for at dei skal ha funksjon som friluftslivområde for beburane i kvardagen. Dette syner kor viktig det er å ta vare på grøne lunger og ferdsselsårer for å heva aktivitetsnivået i befolkninga, og for å gjera det til eit enkelt val å gå eller sykle framfor å setja seg i bilen på veg til daglege gjeremål, der det er mogleg.

6. Kommunane sin idretts- og friluftslivspolitikk

6.1 Overordna mål

«Fysisk aktivitet for alle»

Fysisk aktivitet – aktiv bruk av kroppen - er ein viktig grunnpilar for god helse for den einskilde. For samfunnet er tilrettelegging for fysisk aktivitet ein viktig del av eit folkehelsearbeidet. Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv gjev også ein arena for eit sosialt liv, gode opplevingar, meistringskjensle og betre mental helse. Det er eit overordna mål at alle skal få høve til å vere aktive ut frå sine føresetnader.

6.2 Delmål

1. Tilrettelegging for aktivitet nær der folk bur

Tiltak for uorganisert aktivitet og breiddeidrett skal lokaliseraast nær der folk bur. Ulike stader har ulike føresetnader og fortrinn som kan nyttast og vidareutviklast.

2. Friluftslivstilrettelegging skal vere eit satsingsområde i planperioden.

Friluftslivstilrettelegging har inntil få år sidan hatt avgrensa fokus, litt tilfeldig satsing og har tradisjonelt har fått relativt liten del av dei samla ressursane. Dette er i ferd med å endre seg gjennom statleg politikk og regional prioritering. Bakgrunnen er enkel - det er tilbod til alle og skapar mykje fysisk aktivitet. Kommunen har særskilt gode føresetnader og eit stort potensial til å få tilrettelagt og/eller få tilgang til friluftsområde med kvalitetar i toppdivisjonen, anten det er i nærområda eller den spektakulære fjord- og fjell.

3. Satse på tilrettelegging som gjev ein samfunnsmessig meirverdi.

Idrett og friluftsliv er viktige fritidsaktivitetar for mange. Et godt tilrettelagt tilbod aukar attraktiviteten til eit område. Det vert ein viktig faktor for busetjing, val av studiestad og val av reisemål. Sogndal har dei seinare åra fått eit godt omdøme knytt til dette som vi skal ta vare på og vidareutvikle gjennom systematisk arbeid. For reiselivsnæringa vil ulike tilrettelegginga vere direkte infrastrukturtiltak og produkt som kan inngå i deira verdiskaping.

6.3 Strategiar

- Kommunen skal ta ei aktiv rolle i arbeidet med å måla og få gjennomført dei prioriterte tiltaka i handlingsprogrammet i planen.
- Det skal bli etablert eit forpliktande samspel mellom kommunen og dei frivillige laga og organisasjonane som tek ansvar for anlegg og aktivitet innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.
- Kommunen skal også söke å utvikle eit samspel med næringsinteresser i prosjekt som gjev ein vinn, vinn situasjon i eit samfunns- og næringsperspektiv.
- Kommunen skal etablere ein administrativ organisasjon med kompetanse og kapasitet til å følgje opp arbeidet med både anleggs- og aktivitetsutvikling.

6.4 Retningsliner for utforming av anlegg

God planlegging av anlegg er viktig. Anlegg som skal sökje spelemidlar må ein følgje ordninga om spelemiddelsøknader, samt særskilde målkrav til anleggstypen. Det vert vektlagt at anlegg får god utforming og riktig dimensjon ut i frå behova. Dette må bli avklart i eigen plan for anlegget. Godkjent idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning er grunnlag for å sökje spelemidlar, og å starte opp anleggsarbeid.

Følgjande retningsliner skal leggjast til grunn ved planlegging av anlegg, og vil også vere førande for prioritering av ulike anlegg i handlingsprogrammet.

- Anlegg skal gje tilbod som manglar eller har mangelfull kapasitet. God behovsvurdering er viktig.
- Anlegg skal i den grad det er mogeleg gje tilgang for alle, vere universelt utforma.
- Anlegg skal bygge på den einskilde stad sine fortrinn og føresetnader.
- Anlegget sitt omfang/storleik skal vere tilpassa omfanget av bruk/behov.
- Anlegg skal vere tilpassa omgjevnadene; ta omsyn til miljø og sitt naboskap.
- Friluftsanlegg skal leggast til rette mest mogeleg skånsamt i naturen, og slik at ein ivaretak dei verdiane ein legg til rette for at folk skal kunne oppleve.
- Turvegar og «snarvegar» som knyter saman område for gåande/syklande.
- Anlegg som er samlokalisert og dannar sosiale møtestader.
- Anlegg som er lokalisert ved skular og liknande som gjev lang brukstid gjennom døgnet og året.
- Idrettsanlegg for toppidrett/spesialidrett skal prioriterast til eitt/få anlegg i kommunen.

6.5 Føringer for prioritering av handlingsprogram

Ut over retningsliner for utforming av anlegg i kap. 6.4 vert det lagt følgjande generelle føringer for prioritering av anlegg i handlingsprogrammet:

- 1) Behov for anlegg
- 2) Årstal for første søknad
- 3) Rehabilitering av eksisterande anlegg med høg aktivitet
- 4) Nærmiljø- og friluftslivanlegg – for eigenorganisert aktivitet og til områder med låg anleggsdekning
- 5) Ordinære anlegg for organisert aktivitet- konkurrans- og treningsanlegg.
- 6) Støtteanlegg (klubbhus, toalett, garderober, lager, tribune, p-plass, etc.)

6.6 Bakgrunn for kommunen sin politikk på området

Regelmessig fysisk aktivitet gir dokumenterte positive helsegevinstar fysisk, psykisk og sosialt, og reduserer sjukdom og dødeleghet generelt. Utvikling av lokalsamfunnet er vert difor ein viktig faktor for å leggje til rette for kvalitetar i nærmiljøet som fremjar fysisk aktivitet for alle. Kommunen må stimulere til utvikling av nye aktivitetsområde som vert attraktive samlingsplassar i nærmiljøa for å få alle aktive. Dette

må gjerast i tett samarbeid med innbyggjarar og lag og organisasjonar. Her kan ein til dømes ha kontaktutval mellom born - unge og politikarar, bruka ungdomsrådet i den nye kommunen eller ha barne- og ungdomsråd i forhold til fysisk aktivitet. Skulane i heile den nye kommunen må vera samarbeidspartnarar for å fremje fysisk aktivitet.

Kommunen må også legge til rette for samhandlingsarenaer, for å få gjere seg nytte av kompetansen til høgskulemiljøet, samt lag og organisasjonar og einskild personar sin spesialkompetanse. Dette kan gjerast i form av fagdagar eller workshopar om fysisk aktivitet. Nye Sogndal kommune vil i tillegg årleg halde kurs for lag og organisasjonar, slik at dei frivillige får auka sin kompetanse i forhold til planarbeid generelt og spelemiddelsøknadar. Dette kan bidra til fleire søknadar, som igjen resulterer i meir fysisk aktivitet på sikt.

Nye Sogndal kommune må også sikre god infrastruktur for gåande og syklande. Trygge vegar å ferdast på, til og frå skule og jobb, kan stimulere til meir aktive innbyggjarar i kommunen vår.

Idrett og fysisk aktivitet har positiv effekt både for einskildpersonar og for samfunnet. Folk som er aktive får betre fysisk helse, og ikkje minst, folk får gode sosiale arenaer og auka trivsel.

Det er viktig å støtta opp om den frivillige, medlemsbaserte idretten, slik at ein kan oppretthalde og utvikla gode aktivitetstilbod der folk bur. Dette gjer ein med gode idrettsanlegg som gir flest mogeleg anledning til å driva idrett og fysisk aktivitet, og som speglar «aktivitetsprofilen» i befolkninga. Dei lokale idrettslagene gjer ein formidabel innsats. Frivillig arbeid innan idretten utgjer 82 årsverk, eller ca. 41 mill. kr pr. år i Nye Sogndal kommune. 48% av innbyggjarane er medlem i eit idrettslag. Friuftsliv har i tillegg

eigne organisasjonar med stor aktivitet. Og det er innan friuftsliv aktiviteten aukar, og ein kan sjå nye og gode koplingar til omdømme, bu-attractivitet og direkte næringsutvikling gjennom besøks-attractivitet. Planen legg difor opp til at kommunen skal ha ein aktiv haldning til dette feltet med forpliktande samspel med lag og organisasjonar og ein administrasjon som har kompetanse og kapasitet til følgje opp arbeidet.

Den viktigaste målgruppa for den statlege idrettspolitikken er born og ungdom, og i tildeling av spelemedlar, er born (6-12 år) og ungdom (13-19 år) prioriterte grupper. Det vert framheva i statlege planar, rundskriv m.m., at dette er dei vitigaste målgruppene. Det vil det vere i Nye Sogndal kommune også. Planen

har no eit sterkare fokus på fysisk aktivitet generelt, og ikkje i hovudsak på bygging av idrettsanlegg slik det var tidlegare. Denne endringa har skjedd litt gradvis på nasjonalt og regionalt hald. I denne planen vert dette følt opp med ei enkel og klår overordna målsetjing om at ein skal leggje til rette for «fysisk



aktivitet for alle». Friluftsliv skal få auka prioritet. Vi skal vektlegge tilrettelegging der folk bur, ut frå stadane sine lokale føresetnader og naturlege fortrinn, og ein skal vektlegge tilrettelegging der vi får mykje bruk av anlegga, t.d. ved skulane våre.

Nye Sogndal kommune skal søkje å ha ein aktiv rolle slik at både kommunen og lag og organisasjonar kan få del i spelemidlar for å utvikle dei lokale tilboda vidare.



Eit viktig føremål med kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er at den skal danne eit grunnlag for å kunne prioritere og å søkje spelemidlar til idrett- og friluftsanlegg. Planen skal innhalda både handlingsprogram med prioriteringar og ein langsiktig plan. Dette for å unngå at det vert gjort kortskiktige prioriteringar utifrå særinteresser. Planen skal sikre at ein har god ressursutnytting av areal til idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, og samstundes ivareta eit heilskapleg perspektiv. Politikk med mål, strategiar og retningsliner gjev føringar. Det vert gjennom dette konkrete arbeidet, gjennom samhandling mellom kommunen og andre aktørar, prioriteringar av tiltak og ressursar som vil avgjere kor langt og kvar vi faktisk kjem.

6.8 Spelemiddelordninga

Sidan 1948 har Norsk Tipping gjeve heile overskotet sitt tilbake til befolkninga, og ulike gode føremål. Nærare 150 milliardar kroner totalt har vore utbetalt, og Norsk tipping har over tida vorte ein svært viktig sponsor for frivillige. Pengane vert fordelt etter fordelingsnøkkelen, også kjent som tippenøkkelen. Nøkkelen er vedteke i § 10 andre ledd i pengespilloven:

«Overskuddet frå spillevirksomheten i selskapet og datterselskap fordeles først 6,4 % til helse- og rehabiliteringsformål. Deretter fordeles resterende overskudd med 64 % til idrettsformål, 18 % til kulturformål og 18 % til samfunnsnyttige eller humanitære organisasjoner som ikke er tilknyttet Norges idrettsforbund og olympiske komité. Midlene fordeles nærmere av Kongen.»

Kulturdepartementet forvaltar overskotet og dei ulike søknadsordningane som kan søkjast på for å få midlar. Anlegg for fysisk aktivitet har eiga elektronisk søkjeportal, www.anleggsregisteret.no, og eiga føresegn som styrer krav til søkjør og søknad for at eit anlegg skal kunne vere søkjedyktig. «*Føresegn om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet*» vert i større eller mindre grad revidert kvart år, den nyaste revisjonen finn du til ein kvar tid på www.idrettsanlegg.no.

Eit av krava føresegna har, er at alle anlegg som skal få spelemedlar lyt vere del av plan for fysisk aktivitet. Handlingsprogrammet i denne planen er anleggslista til kommunen. Langtidsprogrammet syner dei anlegga som ikkje er ferdig prosjekterte, men som sannsynlegvis vert realisert. Kvart år rullerer kommunen handlingsprogrammet og prioriterer søknadane med bakgrunn i søknadane som har kome inn for inneverande år.



Sjølve søknadsprosessen føregår slik, at dei ulike anlegga søker om spelemeddel til eigen kommune i løpet av hausten (lokale fristar). Søknaden vert deretter handsama av kommunen, som gjev attendemelding dersom det er avvik, og vidaresender søknaden til fylkeskommunen innan 15. januar kvart år. Kommunen har berre ei sakshandsamingsoppgåve i høve sjølve søknaden, det er fylkeskommunen som har mynde i å godkjenne eller gje avslag på ein søknad.

15. Mars har fylkeskommunen si frist for å vidaresende søknader som dei har godkjent til Kulturdepartementet. Deretter fordeler departementet dei overskotet etter tre høve til dei forskjellige fylkeskommunane: Befolking i fylket, tal godkjende søknader og anleggsdekning frå før.

Under finn ein eit årshjul med dei viktigaste tidspunkta for kommunale og regionale oppgåver, samt dei lokale tidsfristane og rutinane som vert gjeldande frå 01.01.2019.

Årshjul spelemiddelsøknadar og lokale fristar:

Når:	Kva:	Kven:
Januar	15. januar frist for innsending av spelemidelsøknadar til fylkeskommunen	Kommunen
Februar		
Mars		
April	15. april frist for å melde inn nye anlegg	Søkjær
Mai		
Juni	15. juni kunngjering av søknad frå departementet	Departementet
Juli		
August	Innan slutten av august vert det arrangert kurs for lag og organisasjonar om korleis skrive gode søknader, særleg med fokus på den idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning	Kommunen
September	15. september frist for innsending av søknadar om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning for nye anlegg til neste års søknadsrunde	Søkjær
Oktober	10. oktober frist for innsending av spelemidelsøknadar til kommunen	Søkjær
November	15. november søknad om dispensasjon til departementet <ul style="list-style-type: none"> • IFG for anleggstypar som skal godkjennast av departementet • Dispensasjon frå krav om tinglysing • Søknad om større interkommunale anlegg • Søknad om godkjenning av vedtekter 	Søkjær
Desember		

7. Resultatvurdering av førre plan

7.1 - Balestrand

I Balestrand har ein jobba målretta for å samle ulike anlegg for idrettsaktivitet kring Kreklingen stadion i tilknyting til Sagatun barne og ungdomsskule og Sygna vidaregåande skule. Her er det organisert aktivitet i regi av idrettslag, skyttarlag og skulane, men også mykje uorganisert aktivitet både på dag- og kveldstid. Belehalli er snart 30 år og treng ei viss oppgradering innan eit rimeleg tidsrom. Ei brikke som manglar i puslespelet her er eit klubbhus, ein sosial samlingsstad, som også vi vere med å gje ei god ramme kring all aktivitet som er i dette området. Balestrand har også forsøkt å prioritere og støtte skyttarlaget sin aktivitet i Esebotn og idrettslagt si tilrettelegging av for skaktivitet i Saurdalen.

De siste åra har ein hatt større fokus på tilrettelegging av turstiar og tiltak i friluftsområde. Det vert lagt ned ein fantastisk dugnadsinnsats og resultata viser seg med flotte anlegg og stor auke i bruk. Desse tilretteleggingane vert også i stor grad nytta av folk som besøkjer oss, og gjev på denne måten grunnlag for næringsmessig utvikling av Balestrand/Sogn som reiselivsstad. Det er her eit stort potensial for vidare tilrettelegging.

Balestrand har hatt frå 1 til 9 spelemiddelsøknader og samla 26 søknader siste 6 åra. Det har vore ei stor auke i talet søknader. Dei tre første åra var det 5 søknader mot 21 dei tre siste åra.



7.2 - Leikanger

Det er i dag eit aktivt idrettsmiljø i Leikanger, der det vert lagt vekt på å drive sunn og trygg idrett. Mange er medlemmar i Syril, Leikanger skyttarlag, Leikanger jakt og fiskelaget, Systrond speidargruppe eller andre lag og organisasjonar. Aktiviteten er i stor grad knytt til Leikanger ungdomsskule, Leikangerhallen, Syril stadion og Kleppaområdet , der det i planpeioden har vorte bygt ut nye anlegg. Særleg har kunstgrasanlegget ført til ein auka bruk, men også Leikangerhallen er svært viktig for både idrett og kultur i Leikanger i snart 10 år. Anlegg og aktivetsområda i tilknyting til skulane har mykje aktivitet på ettermiddag og kveld. Dette er også i tråd med handlingsplanen for førebyggjande folkehelse i Leikanger kommune.

Det har også vorte lagt til rette for andre aktivitetar i Leikanger som trimpostar og turløyper i både nærområde og fjellområda. Det har vorte lagt ned eit stort arbeid kring merking av stiar og turløyper i fjellet. Dette har ført til auka bruk av friluftsområda. Sjølv om det ikkje har vorte søkt om spelemidlar for desse tiltaka, er dei likevel svært viktige for kvardagsaktiviteten og turismen i bygda. Leikanger har hatt mellom 3 og 5 spelemiddelsøknadar kvart år.

7.3 – Sogndal


Kommunen er i stadig utvikling, i følgje SSB har kommunen hatt ei vekst i befolkninga på 529 personar fra slutten av 2012 til 2. kvartal 2018. Sogndal har og eit høgt tal unge menneske i befolkninga. Mange er aktive, noko som gjev eit stadig auka press på anlegga og tilbodet kommunen har. I førre plan vart det i kommunale mål og strategiar synt til visjonen for samfunnssdelen til kommuneplan, «*Fleire innbyggjarar og auka trivsel i Sogndal*». I vidareføring av dette vert det vist til at ved samarbeid skal ein få til gode tiltak og at kommunen skal vere blant dei fremste i landet på fysisk aktivitet og folkehelse. Desse strategiane er utfordrande å måle, men Sogndal kommune har i planperioden hatt eit aukande fokus på ansvarsområdet, noko som syner att i tilsegnsum kommunen får i per år i spelemidlar for anlegg.

Gjennom heile perioden har kommunen hatt mellom 17 og 25 innsendte søknader pr. år til fylkeskommunen. Samstundes har tal godkjende søknader hjå fylkeskommunen variert mellom 6 og 24 søknader pr. år. Av tiltak som har vore i handlingsprogrammet til førre plan, er det 27 som er gjennomført i planperioden, og 13 som ikkje er gjennomført.

Fleirbrukshall er ein av dei anlegga som ikkje er gjennomført, men har i planperioden vore gjennom ein lang prosess, og er fortsatt høgst aktuell. Den siste utviklinga i prosessen er at det vert utviklinga to prosjekt som skal utvide tilbodet og hallkapasiteten i Sogndal. Sognahallen AS har prosjektert ny hall som tilbygg til eksisterande bygningsmasse, Sogndal IL arbeider med eit prosjekt knyt til Sogndal idrettshall eigd av Sogn og Fjordane fylkeskommune. Ingen av desse tiltaka er gjev idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning (IFG) enda, prosjekta er kome langt å står oppført i førre plan og vert difor vidareført til neste planperiode. Det same gjeld rulleskianlegget i Hodlekve, dette anlegget har fått IFG, men manglar finansiering.



7.4 – Spelemiddeltildeling i førre periode



Figur x: Syne tildelingssummen av spelemidlar og tal godkjente søknader hjå kommunane dei siste 6 åra.

7.5 Oversyn over anlegga som har fått spelemiddeltildeling

I tabell under finn ein dei som har fått tildelt spelemidlar i perioden 2013-2018. Her synt fram med årstal, kva type tiltak, kven som er søker, kva type anlegg, kor mykje midlar prosjekta er tildelt, og kor mykje som er utbetalt i perioden, delt kommunevis. Dei tiltaka som ikkje har fått utbetalt midlane enno er under utarbeidning eller er ferdige, men har eksempelvis ikkje levert det endelige budsjettet. Det vert også vist til vedlegg med detaljert resultatvurdering og oppsummering for dei einskilde anlegga.



Balestrand kommune						
År	Søknad	Søker	Anlegg	anleggsnr.	Tilsegn	Utbetalt
2013	Tursti Kreklingen-Raudmelen fase 2	BALESTRAND KOMMUNE	Turrute 7 - Raudmelen	69419	60000	60000
2014	Klatrejungel ved Sagatun skule	BALESTRAND KOMMUNE	Klatrejungel - Sagatun	70915	300000	300000
2015	Ballbinge, rehab.	BALESTRAND KOMMUNE	Sagatun skule, ballbinge	62587	66000	66000
2016	Hittunsfjøra - sanitæranlegg	BALESTRAND KOMMUNE BALESTRAND JEGER- OG FISKARLAG	Sanitæranlegg Esebotn leirduebane	50648 63727	416000 259000	416000 259000
2016	Leirduebane					
2017	Dagsturhytte på Gulleplenipa	BALESTRAND KOMMUNE	Dagsturhytte Gulleplenipa	60720	237000	
2017	Tursti, Keipen	BALESTRAND KOMMUNE	Turrute 19 A - Keipen Hittunsfjøra friområde - aktivitetsflate	69332	822000	
2017	Fleirbruksområde, Hittunsfjøra	BALESTRAND KOMMUNE		54466	89000	89000
2018	Rehabilitering av Kunstgressbane	BALESTRAND KOMMUNE	Kreklingen stadion	29775	1000000	1000000
2018	Etablering av Småbåthavn	BALESTRAND KOMMUNE	Lunde fjordcamp	73208	210000	
2018	Etablering av Dagsturhytte	BALESTRAND KOMMUNE	Dagsturhytte Gulleplenipa	60720	180000	
2018	Etablering av Dagsturhytte	BALESTRAND KOMMUNE	Dagsturhytte Raudmelen	64599	324000	
2018	Etablering av Trasé	BALESTRAND KOMMUNE	Turte 7 - Raudmelen	69419	956000	
2018	Etablering av Trasé	BALESTRAND KOMMUNE	Turte 7 - Raudmelen	69419	104000	104000
Totalt for Balestrand kommune					5023000	

Leikanger kommune						
År	Søknad	Søker	Anlegg	anleggsnr.	Tilsegn	Utbetalt
2013	Elektronisk skytebane 100m	LEIKANGER SKYTTARLAG	Leikanger skyttarstadion - skytebane	21604	65000	65000
2014	Kunstgrasbane	IDRETTSLAGET SYRIL	Leikanger Idrettspark, kunstgrasbane	63470	1792000	1792000
2015	Leikanger idrettspark garderobar	LEIKANGER KOMMUNE	Leikanger idrettspark/Leikanger barneskule - garderobar	71549	1000000	1000000
2016	Ballbinge, rehab.	LEIKANGER KOMMUNE	Leikanger ungdomsskule - ballbinge	68801	65000	65000
2016	Leikanger idrettspark - klatrepark	LEIKANGER KOMMUNE	Leikanger idrettspark - Klatrepark	20950	300000	300000
2016	Klubbhus,lager	IDRETTSLAGET SYRIL	Kleppa skianlegg - driftsbygning	53137	333000	333000
2017	Lysanlegg, PCB	IDRETTSLAGET SYRIL	Kleppa skianlegg - skiløype	7971	84000	
2017	Leikanger skyttarlag	LEIKANGER SKYTTARLAG	Leikanger skyttarstadion-skyttarhus	21605	1000000	1000000
2018	Etablering av Klubb- og møtelokaler	LEIKANGER SKYTTARLAG	Leikanger skyttarstadion-skyttarhus	21605	1000000	1000000
2018	Etablering av Dagsturhytte	LEIKANGER KOMMUNE	Nynorsk fjellbibliotek	72582	361000	
Totalt for Leikanger kommune					6000000	

Sogndal kommune						
År	Søknad	Søker	Anlegg	anleggsnr.	Tilsegn	Utbetalt
2013	Kvåle stadion - område for kasteøvingar m.m.	SOGNDAL KOMMUNE	Kvåle stadion - Område for kastøvingar m.m.	25526	427000	427000
2013	Kvåle skateramp - søknad om midlar Rehabilitering kunststoffdekke med kastsone	SOGNDAL KOMMUNE	Kvåle skatepark	66529	13250	13250
2014	Hodlekve skisenter - fullføring av lysløypa	SOGNDAL FOTBALL AS	Kvåle stadion	1798	413000	413000
2014	Friluftsanlegg med flytebrygger	Hodlekve Skisenter A/S	Hodlekve skisenter, lys SSL Kaupanger kai - Indre Sogn kystrail Trudvang ballbinge - rehabilitering	1152	127000	127000
2015	Friluftsanlegg med flytebrygger	INDRE SOGN KYSTLAG	Trudvang ballbinge - rehabilitering	17601	158000	158000
2015	Trudvang ballbinge - rehabilitering	SOGNDAL KOMMUNE	Rindabotn sanitæranlegg	20692	58000	
2016	Sanitæranlegg	SOGNDAL SKISENTER DRIFT AS	Fosshaugane stadion - undervarme	51249	358000	
2016	undervarme, kunstgras Fosshaugane Campus -Garderobar, ekstra	SOGNDAL FOTBALL AS	Fosshaugane Campus - Garderobefasilitetar	70274	700000	700000
2016	Sanitæranlegg	SOGNDAL KOMMUNE	Fjordstien - Sanitæranlegg	59092	500000	500000
2016	Klubbhus, garderobe	KAUPANGER IDRETTSLAG	Kaupanger stadion - Gardrobebygg	59650	217000	217000
2016	Trudvang skule klatrepark Fosshaugane Campus - Treningscenter	SOGNDAL KOMMUNE	Trudvang klatrepark Fosshaugane Campus - Treningscenter kjellar	66590	1000000	1000000
2016	O-kart Fjærland	SOGNDAL FOTBALL AS	Bøyadalen o-kart	20579	300000	300000
2017	Kunstgras 64 x 100 meter	SOGNDAL FOTBALL AS	Fosshaugane stadion - Kunstgras	59091	700000	700000
2017	Heis - Kalvatnet	SOGNDAL SKISENTER DRIFT AS	Sogndal skisenter - Ny heis	17581	76000	37000
2017	heis i Rindabotn	SOGNDAL SKISENTER DRIFT AS	Kalvatnet	70273	712000	712000
2017	Fjordstien turveg	SOGNDAL KOMMUNE	Sogndal skisenter - Rehabilitering av eksisterande heis	70297	1000000	1000000
2017	Heis, rehab. gamleheisen	SOGNDAL SKISENTER DRIFT AS	Eidsgrenda folkestig og gapahuk	60698	997000	997000
2017	Tursti	EIDSGRENDA VEL	Fjærland oppvekstsenter	70295	87000	87000
2017	Fjærland Oppvekstsenter Klatrepark	SOGNDAL KOMMUNE	klatrepark	51336	300000	300000
2017	Fleirbruksområde, Eidsgrenda Rehabilitering av Basseng og bygningsmasse	EIDSGRENDA VEL	Eidsgrenda	51251	71000	71000
2018	2 tiltak på Kvåle stadion ved Kvåle stadion	SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE	fleirbruksområde Sogndal symjehall - 25,0 m. x 12,5 m treningsbasseng	51334	695000	695000
2018	Etablering av Fosshaugane stadion - Kunstgras ved Fosshaugane stadion	SOGNDAL FOTBALL AS	Kvåle stadion	1714	2149000	
2018	Etablering av Dagsturhytte	SOGNDAL FOTBALL AS	Fosshaugane stadion - Kunstgras	70273	1488000	1488000
2018	Rehabilitering av Ballbane	SOGNDAL KOMMUNE	Dagsturhytta	73076	321000	
		NORANE IDRETTSLAG	Ylvisåker ballbane	40261	186000	
Totalt for Sogndal kommune					15053250	

8. Forhold til andre planar

Planen skal samordnast med andre planar, t.d. syne arealbehov for anlegg som bør inn i kommuneplanen sin arealdel, koordinerast med ein samla plan for folkehelse og ikkje minst koplast til kommunen sin økonomiplan og årsbudsjett. Planen skal innehalde eitt handlingsprogram for anlegg og eitt handlingsprogram for aktivitetstiltak. Planen vert realisert gjennom kommunen si årlege rullering av desse handlingsprogramma.

9. Planprosess

Alle kommunane har vedteke oppstart av arbeid med felles plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Planprogram vart lagt ut på høyring 31.05.2018 og 07.06.2018, saman med varsel om oppstart, med frist for innspel 25.07.2018. Det vart lagt opp til ein effektiv prosess med vedtak i desember 2018. Med bakgrunn i dette vart merknadsfristen sett i juli, noko som i utgangspunktet var uheldig på grunn av ferieavvikling.

Den 13.09.2018 vart planen lagt ut til høyring og offentleg ettersyn, med merknadsfrist 05.11.2018. I høyringsperioden er det også halde ope møte i alle tre kommunane. I høyringsperioden er det kome inn 19 merknadar. Desse er lagt ved planen, med vurdering frå kommunane. Planen er utarbeidd i tråd med kommunale-, regionale- og nasjonale føringer.



10. Omtale av nosituasjonen for kommunane

I Balestrand, Leikanger og Sogndal er det god dekning av ordinære idrettsanlegg, samanlikna med resten av landet. Det vil difor vere eit hovudfokus å oppgradere desse anlegga med omsyn til standard og kapasitet. Gjennom høyringsprosessen og vidare ved rulleringar av planen vil ein vurdere kapasitet og tilgang på ulike typar anlegg, og det vil då også kunne bli vurdert behov for nye anlegg. Det er vidare aktuelt å vurdere nye typar anlegg som særskild er retta mot uorganisert aktivitet, og som samstundes legg opp til å vere gode sosiale møtestader.

Dekninga for ordinære anlegg er stort sett god, men i nokre pressområde er det manglande tilgjenge for anlegg også her. Blant anna er hallkapasitet i Sogndal sentrum eit problem. Dette gjeld spesielt dei små sær-idrettane, der mange av dei nyttar det same arealet, og dei lyt konkurrere mot kvarandre for å få plass. Fleir brukshallen som er planlagt, kan løyse dette problemet og gje eit stort løft til anleggsdekninga.

Innan friluftsliv er det eit stort potensial for tilrettelegging. Dette gjeld både tilrettelegging tradisjonelt med stiar, merking, dagsturhytter og liknande, men også tiltak knytt til fjordbasert friluftsliv. Ut over dette ser ein også eit potensial i tilrettelegging av mindre tilpassa område og turvegar der folk bur, og om mogeleg, knyte desse saman i større nett.

Det vert som nemnt lagt opp til å jobbe meir systematisk med denne delen av planen gjennom både høyring og seinare rulleringar. Som vedlegg til planen er utskrift frå anleggsregisteret som viser kva anlegg som finnast i kvar kommune.

11. Vurdering av aktivitet og framtidige behov

Nye Sogndal kommune har i dag eit varierande aktivitets- og idrettstilbod i heile kommunen. På nokre områder kan sær-idrettar stå svært sterkt, medan det kan mangle tilbod i breidde og til den uorganiserte aktiviteten. Nye Sogndal kommune skal ha gode oppvekstmiljø, tilhøyrigheit og levekår som gir rom for fysisk aktivitet, kan styrka den einskilde si fysiske og psykiske helse og er samfunnsøkonomisk gunstig i eit langsiktig perspektiv. Det skal særskilt leggjast til rette for dei aktivitetane som stettar eigenorganisert aktivitet. Dette vil seie:

- Nye uorganiserte aktivitetar for unge
- Aktivitetar for ulike grupper i nærliken av der dei bur
- Aktivitetar som er inkluderande for alle
- Legge til rette for at born og unge i låg-inntektsfamiliar skal kunne delta
- Aktivitet der eldre har moglekeit gjennom fysisk aktivitet til å halda seg friske og bu lenger heime
- Aktivitet i barnehagar, skular og i omsorgstenester som fører til livsmeistring

Vidare bør området friluftsliv kartleggjast ytterlegare. Det vil vere tenleg å etablere eit friluftsråd for den nye kommunen og kartlegge friluftsområda. Dette kan utviklast til at ein skapar meir aktivitet i heile den nye kommunen, og at turistnæringa, skular og barnehagar kan nyta gode tilrettelagde friluftsområde. Nye Sogndal kommune må også i sitt arbeid legge til rette for god samhandling mellom idrettsråd og eit friluftsråd. Dette kan føre til utvikling av nye aktivitetsformer, og på sikt kanskje nye anleggsformer. Nye Sogndal kommune skal vera gode på tilgjengeleight, og oversikt over aktivitetstilboda i kommunen vil på sikt finnast i digitalisert form. Målet er at alle i heile kommunen raskt skal kunne orientere seg i aktivitetstilbodet, og få ei god oversikt over alle tilgjengelege aktivitetar.

12. Handlingsprogram

12.1 Handlingsprogram for aktivitetstiltak

Tiltak som nye Sogndal kommune vil prioritere for å fremje fysisk aktivitet for alle er:

- Jobbe for å opprette eit friluftsråd i den nye kommunen
- Jobbe for å auke kompetanse om universell utforming, universell tilrettelegging og paraidrett
- Synleggjere aktivitetstilbodet for alle aldersgrupper og alle funksjonsnivå med digitalkommunikasjon, til dømes aktivitets-app
- Kommunikasjonsårer frå der folk bur til anlegg, snarvegar og nærturar
 - Sentrumsnære stiar
 - Snarvegar
 - Kvileplassar med benkar
- Leggja til rette for uorganisert aktivitet i kvardagen og sosiale møteplassar i nærliken av der folk bur, gjennom prioriteringar
- Leggja til rette for born og unge, og deira moglekeit til å vera aktiv, uansett idrett, utstyr og pris, alle skal ha ein moglekeit til å være fysisk aktive
 - Etablere utstyrsbod
 - Samarbeid med lag og organisasjonar

12.2 Handlingprogram for anlegg

I dette kapittelet er sett opp prosjekt som er ferdig utgreidde/prosjekterte, eller avklarte i slik grad at dei kan vere aktuelle å gjennomføre innan første 4-årsperiode. Det vert lagt opp til å supplere med prosjekt som ikkje er med no, gjennom høyningsprosessen utover hausten. Det kan då vere prosjekt som førebels er sett opp i langtidsprogrammet, eller heilt nye innspel som kjem opp gjennom prosessen. Før planen vert vedteken, vert det sett opp eit prioritert handlingsprogram. Dei aktuelle prosjekta så langt er sett opp kommunevis.

Handlingsprogrammet (HP) syne korleis anlegg som anten har ein ferdig spelemiddelsøknad eller anlegg som har synt til at dei er nære å søkje. For 2019 er Balestrand, Leikanger og Sogndal framleis tre ulike kommunar og det har derfor vore naturleg å førebels dele HP inn i tre. For 2020 vil desse slåast saman til eit og da vil vi også prioritere HP. Dette er ikkje teke med i revisjon førebels grunna tid, kvar kommune legge ved eit framlegg til prioritering hjå sin kommune for 2019 i vedlegg til plan.

Balestrand kommune

Belehalli miniatyrskytebane – elektroniske skiver

Montering av elektroniske skyteskiver på miniatyrskytebane i Belehalli. Prosjektet vart godkjent i 2017 og vert ferdigstilt i 2018. Det vart søkt spelemidlar med desse føresetnadene i 2017 og 2018. Søknaden vart godkjent, men tiltaket vart ikkje prioritert. Tiltaket er styrt av regional plan der anlegget er med for 2019. Anlegget må framleis vere med i handlingsprogrammet og spelemiddelsøknaden må bli fornya i 2019.

Saurdal skiarena – lagerbygg, klubbhus

Det er bygd ein open garasje til trakkemaskin som grindbygg. I dette prosjektet vert det lagt opp til å tette dette bygget med portar og dør samt støype golv. Det vert vidare bygd eit tilbygg som vert oppvarma og nyttå som lager og verkstad. Prosjektet vart godkjent i 2017, og vert ferdigstilt i 2018. Det vart søkt spelemidlar i 2017 og 2018. Søknaden vart godkjent, men tiltaket vart ikkje prioritert. Anlegget må framleis vere med i handlingsprogrammet og spelemiddelsøknaden må bli fornya i 2019.

Tursti – Turrute 7 Raudmelenstien

Prosjektet er ei samla opprusting av heile turstien, dvs. rute 7 i anleggsregisteret. Etter denne sesongen, der også dagsturhytta Baly har vorte bygd på Raudmelen, framstår Raudmelen og turstinettet her meir og meir som eit fyrtårnprosjekt med stort potensial. Prosjektet vart søkt på i 2018 og fekk tildeling på 956.000. Arbeid er gjennomført i 2018. Ein ser då at prosjektet må oppgraderast for å bli sluttført som føresett. Dette gjeld steinlegging i våte parti og graving og oppbygging av sti med gode stadeigne massar i eit par skogområde. Prosjektet kan etter reglane utvide kostnadsramme med 290.000 i oppgradering av søknad. Anlegget må då framleis vere med i handlingsprogrammet og spelemiddelsøknaden må bli oppgradert i 2019.

Elektroniske skyteskiver, Esebotn skytebane

Utviding av eksisterande skytebane med fleire elektroniske skiver på 100 og 200 m. Treng auka kapasitet ved avvikling av stemne. Det er ut i frå dette planlagt 4 nye skiver på 100 meteren med motorframtrekk, 2 skiver på 200 meteren og 6 stk. nye monitorar. Dei nye skivene vert kopla til eksisterande anlegg. Det vert etter dette 9 skiver på 100 meteren og 10 skiver på 200 meteren. Anlegget har rett til spelemidlar og er eit «ordinært anlegg». Slike skyteanlegg er styrt av Regional plan for Sogn og Fjordane. Kommunal del er føresett til kr 50.000 som tilskot over driftsbudsjett i 2019.

Fjellcamp – tursti

Det er i 2016 opparbeida ny skogsbilveg med god standard opp til «Mastene» opp mot Tjugatoten. Denne vegen vert no ållment tilgjengeleg som bomveg. Dette gjev eit unikt høve til å leggje til rette ein universelt utforma liten turveg og utsiktsplass/leirplass i fjellet. Plassen vil ligge heilt på kanten og ha ei storlagten utsikt ned til Esefjorden, Sognefjorden og Balestrand sentrum. Dette skal slik bli eit lågterskeltilbod både for dei som sit i rullestol og dei som av ulike grunnar er dårlege til beins. Plassen vil også bli nyttå av dei som går opp den ordinære turstien – turrute 12 frå Lunde til Tjugatoten. Tiltaket kan få spelemidlar som nærmiljøanlegg, friluftsliv.

Tursti - Turrute 8, Raudmelen - Skåsheim.

Turstien frå Balestrand sentrum og opp på Raudmelen (turrute 7) har blitt ei fyrtårnpute med mykje bruk etter at fleire delprosjekt med opprusting er gjennomført, seinast i 2018. Det er i førre plan lagt opp til å halde fram med opprusting av turstien frå Raudmelen ned til Skåsheim via Kallbakk (turrute 8). Dette vil då samla gje ein rundtur med start og stopp i sentrum, og vere ein komplett turoppleveling. Delar av denne ruta har våte parti og nokre bratte parsellar som er planlagt utbetra med steinlegging og legging av plank. Balestrand kommune er ansvarleg, medan Raudmeldstiens dugnadsgjeng, Høyanger og Balestrand turlag utfører arbeid som dugnad. Prosjektet kan få spelemidlar som ordinært anlegg for friluftsliv.

Boccianbaner

Det vert bygd ein boccianbane på Balasletta. Banen vert 4X10 meter og får eit grusdekke og innramming av treplank. Det vert sett opp benkar/bord ved anlegget. Det vert byggd ein gruslagt sti fram til banen slik at det vert tilgjenge for alle. Det vart søkt spelemidlar med desse føresetnadene i 2018. Søknaden vart godkjent, men tiltaket vart ikkje prioritert. Anlegget må framleis vere med i handlingsprogrammet og spelemiddelsøknaden må bli fornya i 2019.

Tursti - Turrute 7B, Fjærrestadstølen.

Turstien frå Balestrand sentrum og opp til Fjærrestadstølen (turrute 7B) vert kopla saman med Raudmelenstien (turrute 7) ved Buråsi eller Orramyri. Dette gjev 2 alternative rundtura med start og stopp i sentrum. Stien opp til Fjærrestadstølen går gjennom skog og hogstfelt med mykje røter og ulendt underlag. Stien planlagt utbetra med graving og ombygging med gode stadeigne massar samt litt steinlegging i nokre avgrensa parti. Balestrand kommune er ansvarleg, medan Raudmeldstiens dugnadsgjeng, Høyanger og Balestrand turlag utfører arbeid som dugnad. Prosjektet kan få spelemidlar som nærmiljøanlegg for friluftsliv.

Klubbhus - Belehalli

Det er planlagt å bygge eit tilbygg til Belehalli med fleire funksjonar samla - Klubbhus, golfsimulator og squashbane. Balestrand Idrettslag manglar eit klubbhus, ein sosial samlingsstad, lager og kontorfasilitetar. Det er vurdert å vere ideelt å knytte dette opp til Belehalli og idrettsanlegga på Kreklingen stadion. Det samla tilbodet i Belehalli vert også komplettert. Dette prosjektet omhandlar klubbhusdelen av anlegget. Det vert avklart om dette huset skal ha sambruksfunksjon for fleire lag og om kommune eller idrettslag skal vere anleggseigar. Kommunen er førebels sett opp som anleggseigar. Klubbhus ligg inne i gjeldande HP for 2019. Prosjektet er skissemessig prosjektert. Det vert lagt opp til vidare prosjektering og planavklaring i 2019. Kan bli prioritert inn i HP i 2020 eller seinare.

Squashbane – Belehalli

Squashbane inngår i samla prosjekt med klubbhus og golfsimulator, og har rett på spelemidlar. Samlokalisering vil styrke det samla tilbodet og også vil gje høve til sambruk av garderobefasilitetar i Belehalli. Eit slikt tiltak vil i tillegg til idrettslaget, vere attraktivt for Sagatun skule, Sygna VGS med idrettsline og truleg også knytt opp mot reiselivet. Prosjektet er skissemessig prosjektert. Det vert lagt opp til vidare prosjektering og planavklaring i 2019. Kan bli prioritert inn i HP i 2020 eller seinare.

Utandørs treningspark

Det vert kjøpt inn og montert utandørs treningsapparat. Desse vert plassert på Balasletta ved boccianbanen. Andre stader kan også vere aktuelle. Anlegget har rett til spelemidlar, og er eit «nærmiljøanlegg». Spelemiddelsøknadene er styrt direkte av denne kommunale planen. Føresett gjennomført i 2020 eller seinare.

Friområde Kvamsøy

Prosjektet går ut på å legge betre til rette for sjøbasert friluftsliv og bading i området. Prosjektet har to delar. Det eine delprosjektet er å tilrettelegge ein kort og liten molo på den langgrunne stranda for å halde på sanda ved strandområdet. Moloen er vidare tenkt universelt utført som ein rampe ein samstundes kan gå/trille ut i vatnet. Det andre prosjektet er å kle inn og fendre delar av kaia/lekteren slik at denne vert nytta til stuping og bading og vert ein attraktiv plass for opphold. Prosjektet er prosjektert. Anlegget er føresett å få midlar frå ordninga om tilrettelegging av statleg sikra friområde frå Miljødirektoratet. Føresett gjennomført i 2020 eller seinare.

Leikanger kommune

Utandørs aktivitetsflate

Anlegget er eit nærmiljøanlegg, og ligg i eksisterande anleggsplan for Leikanger. Det vart sendt spelemidelsøknad i 2017, og denne er fornva i 2018. Arbeidet vart ferdigstilt i 2017. Er føresett tildeling av spelemidlar i 2019.

Utandørs aktivitetsflate

Anlegget er eit «nærmiljøanlegg», og har rett til spelemidlar. Det vart sendt spelemidelsøknad i 2017, og anlegget ligg handlingsplan for Leikanger i dag. Søknaden vert fornva i 2018. Er føresett at arbeidet vert sett i gong og gjennomført i 2019.

Parken i sentrum

Anlegget har rett til spelemidlar, og ein føresett at dette arbeidet vert starta opp i april månad. Det har vore eit stort behov for ny trampoline i sentrumsparken i lengre tid. Trampolina som er i parken i dag har därleg sprett, og vert særslite nytta. Det er ingen andre aktivitetsapparat i sentrumsområde, og ei ny trampoline er sterkt ynskt av born og ungdommar i Leikanger. I tillegg til trampolinane, vil Leikanger kommune også utbetra resten av parkarealet. Kommunen vil mellom anna setje opp ein karusell som dei minste borna kan bruka. Er føresett også ferdigstilling i 2019.

Friidrettsanlegg

Leikanger kommune har løyvd 3,5 mill. kr til reparasjon av eksisterande friidrettsstadion. Dette inkluderer ny løpebane, forbetra drenering og lysanlegg. Asplan Viak er engasjert til å utarbeide anleggsplan og anbodsgrunnlag. Er føresett at anlegget vert gjennomført og ferdigstilt i 2019.

Elektronisk feltskyteanlegg, Eivaldgjerde

Leikanger skyttarlag skal etablere feltanlegg med elektronisk resultatanvisning i tilknyting til dagens skyteanlegg i Eivaldgjerde. Anlegget vil dekke alle feltprogram i DFS, Grovfelt, Finfelt, Stang og Felthurtig. Med dette anlegget vil Leikanger skyttarstadion få eit komplett anlegg med eit breitt aktivitetstilbod og kunne legge til rette for ulike stemner og arrangement. Anlegget har rett til spelemidlar, og er eit «ordinært anlegg». Slike skyteanlegg er styrt av Regional plan for Sogn og Fjordane.

Rehabilitering av klubbhus

Leikanger skyttarlag planlegg rehabilitering av Klubbhus 2 i Eivaldgjerde. Klubbhus 2 vart oppført i 1992 av seks brukte anleggsbrakker. Klubbhus 2 er moden for rehabilitering med etterisolering, skifting av vindauge, nyt golv, samt utvendig og innvendig dørar. VVS og elektrisk anlegg må og truleg skiftast. Det er også behov for to nye toalett og ei endring i rom-inndeling.

Skileik-anlegg på Kleppa

Skileik-anlegget er tenkt i to deler, med ein mindre bakke for aking og skileik for dei minste i området mellom skihytta og gapahuken, og noko brattare og krevjande anlegg for dei eldre brukarane lengre oppe i skibakken. Det er behov for noko opparbeiding for vinteraktivitet, tilrettelegging for noko sommaraktivitet og nokre enkle apparat / hinder. Kommunen sin del av finansieringa må løvvast gjennom det årlege budsjettet. Er føresett ferdigstilt og gjennomført i 2019.

Turløyper

SYRIL har gjort eit stort dugnadsarbeid når det gjeld trim og turløyper både i nær- og fjellområda. Dette er rimelege tiltak som legg til rette for auka fysisk aktivitet, og her er behov for noko vedlikehald. Kommunen sin del av finansieringa må løvvast gjennom det årlege budsjettet. Er føresett ferdigstilt og gjennomført i 2019.

Utbetring av skiløype på Kleppa

I dag har ikkje løypa tilfredsstillande breidd og tverrprofil for å arrangere renn i friteknikk. I tillegg er overflata for ujamn nokre plassar for å brukast med lite snø. Føremålet med prosjektet er å gjøre løypa i stand til alle type skirenn (både klassisk og friteknikk) og at løypa skal kunne brukast ved lite snø. Prosjektet er under prosjektering og er planlagt gjennomført i 2019. Dugnad er ein del av finansieringa.

Skøytebane på Kleppa

Skøytebane Kleppa Tiltaket dreier seg om å utvide eksisterande vassdam for skøyteaktivitet for ungar

vinterstid. Tiltak er godkjent av grunneigar. Arbeidet er først og fremst maskinarbeid. Kommunen sin del av finansieringa må løvvast gjennom det årlege budsjettet. Er føresett ferdigstilt og gjennomført i 2019.

Rehabilitering av skihytta på Kleppa

Universell utforming skihytta på Kleppa I dag er hytta ikkje eigna for rullestolbrukarar, kjøkkenet er nedslite og romstrukturen treng justering for å gjere hytta eigna for fleire type aktivitet. Tiltaket er under planlegging. Kommunen sin del av finansieringa må løvvast gjennom det årlege budsjettet. Er føresett ferdigstilt og gjennomført i 2020.

Renovering av klubbhus og HC-toalett ved stadion

Bygget har vore lite i bruk siste åra. Vi ynskjer å renovere bygget slik at vi får ein kombinasjon av kiosk, møterom og HC-toalett. Skal kunne brukast som møterom/samlingsstad/kiosk. Kommunen sin del av finansieringa må løvvast gjennom det årlege budsjettet. Er føresett ferdigstilt og gjennomført i 2019.

3- ar og 5-arbane på Leikanger stadion / fleirbruksflate

Kunstgrasflate med plass for 5/7-ar bane og 3 stk 3'ar baner. Det er behov for 5/7'ar bane samt felt for 3'ar baner. For dei yngste årsklassane er 3-ar fotball med vane ny speleform gjeldande frå 2019, og det er difor ynskeleg med område med 3 stk permanente 3'ar baner med kunstgrasunderlag. I dag nyttar Syril og bana ved ungdomsskulen for 5'ar kampar og trening for dei yngste. Dette er upraktisk og Syril ynskjer å samle all aktiviteten på stadion. Her har ein alt utstyr oppbevart, og det er viktig at alle aldersklassar vert ein del av idrettsmiljøet her. For å få dette til, må det gjerast ei regulering av område. Kommunen sin del av finansieringa må løvvast gjennom det årlege budsjettet. Er føresett ferdigstilt og gjennomført i 2020.

Driftsbygg - lager for utstyr

Kan vere felles for friidrett og fotball, og må ligge inntil kunstgrasanlegg. Plass til mellom anna fotballutstyr som vant, små mål, ballrom mm. Størrelse ca. 60 m2. Kommunen sin del av finansieringa må løvvast gjennom det årlege budsjettet. Er føresett ferdigstilt og gjennomført i 2020.

Sogndal kommune

Sogndal skisenter Drift AS - Rindabotn nedfart

Anlegget vart søkt første gang i 2014. Anlegget er stadig i utvikling og prioritering styrast av regionalplan for fysisk aktivitet. Søknaden står no høgt på prioritieringslista til fylkeskommunen for utbetaling på grunn av kor mange år anlegget har vore inne i kø. Hovudtraseen er på ca. 1300 m i følgje flyfoto i norgeskart.no. Kostnaden er førebels rekna til kr 4 661 109,- og søknadsbeløpet er på kr 1 000 000,-.

Sogndal skisenter Drift AS - Kalvatnet nedfart

Anlegget vart søkt første gang i 2015. Søknaden har på lik linje med Rindabotn vore under utvikling og oppføring sidan det vart søkt midlar første gang. Anlegget står høgt på prioritieringslista og skulle eigentleg fått midlar i 2018, men på grunn av at arbeidet ikkje var ferdigstilt valte fylkeskommunen å utsette tildeling. Kostnad er rekna kr 3 253 000,- og søknadsbeløpet er på kr 1 000 000,-.

Sogndal Fotball AS - Sluse og fellesareal

Søknaden gjeld utviding av inngangsparti og styrketreningsrommet. Søknaden vart første sendt kommunen for 2016 runden. Tiltaket er ferdig. Kostnaden er rekna til kr 1 134 804,- og søknadsbeløpet er kr 300 000,-. Rekneskap innsendt og godkjent. Tiltaket er ferdig.

S.F. fylkeskommune - Idrettshallen Sogndal VGS, rehabilitering av garderober

Søknaden om tilskot gjeld for rehabilitering av Sogndal idrettshall. Gjennomførte tiltak er mellom anna oppgradering av ventilasjon, oppføring av nytt lager, ny spinningssal, nytt styrkerom og betring av universell utforming. Hallen er ein av få som er eigd av fylkeskommunen. Tiltaket er ferdig og vart søkt første gangen i 2016. Kostnaden er i rekneskapet på kr 22 925 438,- og søknadsbeløpet på kr 7 642 000,-.

Sogndal skisenter Drift AS – Barneskitrekk/ -nedfart Rindabotn

Søknaden omfatter ny heis og bakke tilpassa born i Rindabotn. Tiltaket gjev eit større tilbod til barn og dei som har behov for å lære og stå på ski eller brett. Søknaden vart søkt første gang i 2017. Tiltaket er i drift, men manglar oppføring av lys. Kostnaden er rekna til kr 6 621 209,- og søknadsbeløpet er kr 2 207 000,-.

Kaupanger IL- Klubbhus, rehabilitering

Søknaden omfatter rehabilitering og utviding av det eldre klubbhuset på Kaupanger Stadion. Søknaden vart sendt første gang i 2014. For dette året vert søknaden utvida slik at både tilbygg og rehabilitering vert slått saman i same søknad. Kostnaden er rekna til kr 4 068 668,- og søknadsbeløpet er kr 1 356 000,-.

Sogn Ridehall AS – Sogn ride- og travsenter, ridebane

Sogn Ridehall AS har overteke søknadane til Sogndal hestealslag. Dei har endra vedtekten slik at dei vert godkjent inn i spelemiddelordning. Anleggsseigar søker om oppføring av ridebane på 50 m x 110 m. Bana skal kunne nyttast til alle greinar innan hestesport, men skal vere spesielt tilpassa sportskøyring og sprangridning. Anlegget har fått IFG. Kostnaden er satt til kr 1 833 431,- og søknadsbeløpet til kr 611 000,-.

Sogndal hestealslag- Kaupanger hestesportanlegg, kombihinder

Sogn Ridehall AS søker om oppføring av kombihinderbane. Bana skal nyttast til trening og konkuransar for terrenghopping, skogshest, brukshest og maratonkøyring. Kostnaden er satt til kr 1 143 683,- og søknadsbeløpet til kr 381 000,-. I behovsvurderinga vedlagd søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning syner dei til ein markant auke i aktivitet for hestesporten. Dei syner til manglande tilbod til barn og ungdom og at dei gjennom desse to søknadane ønskjer å betre dette.

Sognahallen AS- Sognahallen, Kursklatrevegg

Klatring som aktivitet i Sognahallen har firedobla seg i tal treningsstimar i løpet av perioden 2010-2016. No har kapasiteten til anlegget lenge vore sprengt og det er naudsynt med ei større flate for å møte det aukande behovet. Kursklatreveggen skal vere ei enkel flate tilpassa nybyrjarane og vil flytte denne aktiviteten noko vekk frå hovudveggen slik at ikkje kursaktivitetar går utover dei aktive klatrarane. Kostnaden er rekna til kr 2 112 500,- og søknadsbeløpet er kr 700 000,-

Sognahallen AS- Sognahallen, Speedklatrevegg

Tiltaket har fått IFG, men rakk ikkje sende inn heile søknaden før tidsfristen til 2018 søknadsrunden. Tiltaket gjev eit nytt tilbod innanfor klatring i Sognahallen, speedklatring vert OL-gren ved neste sommar OL. Sogndal har mange dyktige klatrarar, speedklatreveggen kan vere med på å gje denne nye olympiske disiplinen utøvarar i verdklasse også her. Tilboden er til tider sprengt og det er behov for meir klatreflate, tiltaket kan vere med på å løyse noko av behovet. Veggen er ferdig oppført og i drift. Kostnaden er rekna til kr 2 112 500,- og søknadsbeløpet er kr 700 000,-.

Sognahallen AS- Sognahallen, Buldrehall

Av dei ulike klatredisiplinane er det buldring som har det største behovet for nytt areal, det er også dette anlegget som utan tvil skapar mest treningsstimar i forhold til klatreflate. Buldrehallen vil gje eit godt løft til gruppa som nyttar denne treningsforma. Hallen er oppjustert i storlek sida førre søknad og er no på til saman over 500 m² klatreflate som gjer at hallen kan få maks beløpet på 3 millionar i støtte. Anlegget er prosjektert som eit tilbygg til Sognahallen i det sør-vestre hjørne. Kostnaden er rekna til kr 10 367 500,- og søknadsbeløpet er kr 3 000 000,-.

Sogndal IL- Kaupanger o-kart

Sogndal IL har behov for nye område å trenere orientering på. Nytt orienteringskart for Kaupanger er difor nøpparbeida. Kartet dekke 10,5 km² og har ein ekvidistanse på 5m. Første søknad kom for 2018 runden. Kostnaden er rekna til kr 191 000,- og godkjent søknadssum vert kr 64 000,-.

Norum skyttarlag – Klubbhus Øvstedalen

Norum skyttarlag ønskjer å få oppført eit klubbhus til aktiviteten dei har i Øvstedalen. Bygningen er

allereie byggesøkt og godkjent. IFG er gjeve for anlegget. Kostnaden er satt til kr 2 112 780,- og søknadsbeløpet er kr 678 000,-.

Sogndal IL/ Sogndal kommune/ Sogn og Fjordane fylkeskommune - Fleir brukshall/basishall

Fleire av idrettslag i Sogndal har i dag utfordring med å gje eit stort og godt nok tilbod til medlemmane. Spesielt hall plass har vore eit problem i høve dette. Den utfordringa har også førre plan synt til. Prosjektet er ikkje ferdigprosjektert, men førebels kostnadsrekna til kr 48 000 000,-.

Sognahallen AS – Idrettshall, utviding

Ny treningshall knytt til eksisterande hallareal som utviding av Sognahallen er ferdig prosjektert. IFG er ikkje søkt for anlegget enda. Anlegget er førebels kostnadsrekna til kr 47 000 000,-

Sogndal Skisenter Drift AS – Rulleskianlegg

Sogndal skisenter drift AS ønskjer å bygge eit rulleskianlegg i Hodlekve i nærleiken av lysløypa som ligg der i dag. IFG er gjeve for dette tiltaket, anlegget manglar finansiering. Tiltaket er viktig for tryggleiken til dei utøvarane som driv med denne aktiviteten, per i dag skjer mykje av denne aktiviteten på veg.

Kaupanger IL – Rehabilitering av lysløype

Lysløypa i Kaupangerskogen har eit behov for rehabilitering. IFG er søkt, men manglar ved søknad gjer at det ikkje er gjeve IFG enda.

Sogndal hestearslag- Stallanlegg

Tiltaket har fått IFG. Sogn Ridehall AS ønskjer å oppføre eit stallanlegg som tilbygg til ridehallen etablert på Kaupanger. I behovsvurderinga syner anleggseigar til at det er eit manglande tilbod til dei som ønskjer å lære og ri. Med ein betre tilgang på hestar kan ein sikra rekrutteringa framover og eit tilbod for dei som ikkje passer inn i «vanleg» idrett. Kostnaden er sett til kr 3 861 990,- og søknadsbeløpet til 1 000 000,-.

Sogndal skisenter Drift AS- Rindabotn, sykkelløype

Tiltaket søknaden omfatte skal vere ei sykkelløype for barn og unge. Hellinga skal ikkje vere stor og med ei breidd på 1,5 m og grus som toppdekk vert dette eit lågterksel tilbod i Hodlekve om sommaren. IFG er gjeve, men søknad om midlar er ikkje tidlegare innsendt tiltaket. Uviklinga i Hodlekve er blant 10 på topp punkta til Sogndal kommune. Kostnaden er førebels rekna til kr 997 000,- og søknadssum er kr 499 000,-.

Kaupanger Idrettslag - Pumptrack

Pumptrack eller kuleløype for sykkel, vart søkt for første gang i 2018 runden. Tiltaket er plassert på Kaupanger stadion og skal gje eit breitt tilbod til alle terrengsyklistar og bmx utøvarar. Kostnaden er satt til kr 756 248,- og søknadsbeløpet er kr 300 000,-

Fjærland IL- Bøyaøyri ballbinge, rehabilitering

Sparebankstiftinga har over fleire år hatt eit ekstra tilskot ein kan søkje på for rehabilitering av dekke på ballbingar. Fjærland IL vart med på siste søknadsrunde for dette. Eit av krava er ein godkjent spelemidelsøknad, tiltaket vart søkt for 2018. Kostnaden er rekna til kr 137 516,- og godkjent søknadssum er kr 65 000,-.

Amlabukti velforening- Amlabuktiballbinge, rehabilitering

Sparebankstiftinga har over fleire år hatt eit ekstra tilskot ein kan søkje på for rehabilitering av dekke på ballbingar. Amlabukti velforening vart med på siste søknadsrunde for dette. Tiltaket vart søkt første gang for 2018.

Sogndal kommune- Kaupanger skule klatrepark

Kommunen har tidlegare fått oppført to klatreparker hjå Trudvang og Fjærland skule. No har Kaupanger også fått ein slik park. Tiltaket vart søkt første gang for 2018. Kostnaden er satt til kr 649 688,- og søknadsbeløpet er kr 300 000,-.

Sogndal turlag – Åsen til Nuken tursti, rehabilitering

Sogndal turlag i samband med grunneigar har fått prosjektert fram ei løysing for å rehabilitera turstien frå Åsen til Nuken. Stien har lenge hatt preg av slitasje både for sti og grinder i mellom beiteområda. Kostnaden er satt til kr 156 039,- og søknadsbeløpet er kr 78 000,-.

Handlingsprogram - anleggsdelen 2019 for Balestrand kommune

Nr	Anleggstype	Prosjekteigar	Anleggsstad	Kate-gori	Mål	Drift pr. år	Kostnad	Finansiering											
								2019				2020				2021			
								K-inv	K-tilsk	Priv	SP	K-inv	K-tilsk	Priv	SP	K-inv	K-tilsk	Priv	SP
	Elektroniske skiver	Balestrand kommune	Belehalli	R/O	6 stk	1	525	136		214	175								
	Klubbhus og lager	Balestrand IL	Saurdal	O		5	240		70	90	80								
	Tursti - Raudmelen	Balestrand kommune	Raudmelen - rute 7	O		1	290	95		50	145								
	Elektroniske skiver	Balestrand skyttarlag	Esebotn skytebane	R/O	100/200 m	1	290		50	144	96								
	Fjell camp/tursti	Balestrand kommune	Tugatoten - rute 12	O		3	650	275		50	325								
	Tursti -Skåsheim/Raudmelen	Balestrand kommune	Raudmelen - rute 8	O	4 km	5	850	250		175	425								
	Bocciabane	Balestrand kommune	Balasletta	N	4*10 m	1	120	60			60								
	Tursti - Fjærstadstølen	Balestrand kommune	Raudmelen - rute 7B	N	1 km	1	320	80		80	160								
	Klubbhus og lager	Balestrand kommune	Belehalli	O	120 m2	40	2700					900		900	900				
	Squashbane	Balestrand kommune	Belehalli	O	100 m2	20	1300					700		200	400				
	Utandørs treningspark	Balestrand kommune	Balasletta	N	4 Stk		250					125			125				
	Friområde	Balestrand kommune	Kvamsøy	N			300					100			200				
								896	120	803	1466	1825	0	1100	1625				

Handlingsprogram - anleggsdelen 2019 for Leikanger kommune

Nr	Anleggstype	Prosjekteigar	Anleggsstad	Kate-gori	Mål	Drift pr. år	Kostnad	Finansiering											
								2019				2020				2021			
								K-inv	K-tilsk	Priv	SP	K-inv	K-tilsk	Priv	SP	K-inv	K-tilsk	Priv	SP
	Hinderløype	Leikanger kommune	Leikanger ungdomsskule	N		5	156	78			78								
	Hinderløype	Leikanger kommune	Leikanger barneskule	N			600	300			300								
	Trampoline, Parken	Leikanger kommune	Leikanger sentrum	N		10	253	127				126							
	Feltskyteanlegg	Leikanger skyttarlag	Eivaldgjerde	O		5	750			500	250								
	Skileikanlegg	Syrl	Kleppa	O		20	250		80	90	80								
	Langrenn, friteknikk	Syrl	Kleppa	O	3km		300		100	100	100								
	Skøytebane	Syrl	Kleppa	N			40		15	10	15								
	Skihytte	Syrl	Kleppa	O		50	3000		1000	1000	1000								
	Friidrettsanlegg	Syrl	Syrl stadion	O			9000		3500	2000	3500								
	Klubbhus, rehabilitering	Syrl	Syrl stadion	O		10	800		250	300	250					750	500	750	
	Fleirbruksflate inkl. 3.ar og 5.ar baner	Syrl	Syrl stadion	O		30	2000									330	340	330	
	Lager, driftsbygg	Syrl	Syrl stadion	O			1000		50	50	100								
	Turløyper	Syrl	Leikanger	O			200												

Handlingsprogram - anleggsdelen 2019 for Sogndal kommune

Nr	Anleggstype	Prosjekteigar	Anleggsstad	Kate-gori	Mål	Drift pr. år	Kostnad	Finansiering								
								2019			2020			2021		
								K-inv	K-tilsk	Priv	SP	K-inv	K-tilsk	Priv	SP	K-inv
	Alpinanlegg - nedfart	Sogndal Skisenter Drift AS	Rindabotn	O			4 661			3 661	1000					
	Alpinanlegg - nedfart	Sogndal Skisenter DriftAS	Kalvatnet	O			3 253			2 253	1000					
	Sluse og fellesareal	Sogndal Fotball AS	Campus	O			1 134			834	300					
	Idrettshall, rehabilitering,	S.F. fylkes- kommune	Idrettshallen Sogndal	O			22 925			15 283	7 642					
	Alpinanlegg - Barnetrekke – Heis og nedfart	Sogndal skisenter AS	Rindabotn	O			6 621			4 414	2 207					
	Klubbhus, rehabilitering	Kaupanger IL-	Kaupanger-stadion	O			4 069			3 713	356					
	Ridebane	Sogn Ridehall AS	Kaupanger hestesport-anlegg	O			1 833			1 222	611					
	Kombihinder	Sogn Ridehall AS	Kaupanger hestesport-anlegg	O			1 144			763	381					
	Kursklatrevegg	Sognahallen AS	Sognahallen, Sognahallen	O			2 113			1 413	700					
	Speedklatrevegg	Sognahallen AS	Sognahallen	O			2 113			1 413	700					
	Buldrehall	Sognahallen AS	Sognahallen	O			10 368			7 368	3 000					
	Kaupanger o-kart	Sogndal IL	Kaupanger	O			191			127	64					
	Klubbhus Øvstedalen	Norum skyttarlag	Øvstedalen	O			2 113			1 435	678					
	Stallanlegg	Sogn Ridehall AS	Sogn Ridehall	O			3 862			2 862	1 000					
	Sykkelløype	Sogndal skisenter AS	Rindabotn	O			997			498	499					
	Lysløype, rehabilitering	Kaupanger IL	Kaupanger skogen	O			1 800									
	Idrettshall, utviding	Sognahallen AS	Sognahallen	O			47 000								1200	600
	Fleir brukshall	Sogndal k./SFJ		O			48 000									
	Rulleskianlegg	Sogndal skisenter AS	Hodlekve	O			10516									

Sykkelløype, pumptrack	Kaupanger IL	Kaupanger stadion	N			756			456	300	
Ballbinge, rehabilitering	Fjærland IL	Bøyaøyri	N			138			73	65	
Ballbinge, rehabilitering	Amlabukti velforening	Amlabukti	N			185			107	78	
Klatrepark	Sogndal kommune	Kaupanger skule	N			650		350		300	
Tursti, rehabilitering	Sogndal turlag	Åsen-Nuken	N			156			78	78	

O = Ordinæreanlegg, N= Nærmiljøanlegg, K-inv= Kommunal investering, K-tils= Kommunalt tilskot, Priv= Privat finansiering/ dugnad m.v, SP= Spelemedlar



Tiltak som er sett i gang

Planlagde tiltak

13. Langsiktig del

Den langsigktige delen inneholder prosjekt som ikke er utgreidde / prosjekterte eller avklarte i slik grad at dei utan vidare kan bli sett inn i eit handlingsprogram/bli gjennomførte. Tiltak som er sett opp i denne delen, av planen kan derimot bli betre planlagt og deretter bli prioritert inn i handlingsprogrammet. Dette kan bli gjort allereie gjennom prosessen i haustr, eller ved årlege rulleringar av handlingsprogrammet.

Dei aktuelle prosjekta så langt er også her sett opp kommunevis:

13.1 Balestrand

Prosjekt «lokale turvegar»

Prosjektet er overbygning for konkrete friluftslivsprosjekt. Dette vil vere dagsturhytter og ulike installasjoner som utkikkspunkt, rasteplassar knytt til turstiane skal utviklast vidare etter idékonsept likt «Nasjonale turistvegar» - «Lokale turvegar». Dvs. at tilretteleggingane skal bli gjeve eit sær preg gjennom god arkitektur og form, men at tiltaka samstundes skal ha ein konkret og praktisk funksjon i opplevinga og utøving av friluftslivaktiviteten. Prosjekta kan variere i funksjon og storleik. Ansvarleg aktør er kommunen. Samarbeidet med Bergen arkitekthøgskule (BAS) og lokale aktørar skal halde fram og vidareutviklast. Ein tek sikte på å gjennom føre inntil eitt prosjekt kvart år i HP-perioden. Konkrete prosjekt som kan bli konkretisert i HP 2020-2023 elle vere med vidare i langtidsprogrammet er:

Dagsturhytte nær Balestrand sentrum

Det er aktuelt å etablere ei sentrumsnær dagsturhytte lokalisert til Raudmelenstien ev. Balastølen. Tiltaket vil vere eit ordinært anlegg for friluftsliv.

Sjønær installasjon for opphold ved Kvamsøy friområde.

Det vert vurdert eit anlegg for sjøbasert aktivitet/friluftsliv lokalisert til det kommunale Friområdet Kvamsøy. Annan lokalitet kan bli vurdert, t.d Esefjorden. Tiltaket vil vere eit ordinært anlegg for friluftsliv.

Vinter og sommarhytte til knytt turruter Saurdal – Balestrand

Området er eit mykje nytta friluftsområde sommar som vinter med liten grad av tilrettelegging. Området mellom Saurdal og Balestrand inngår i turstinet i kommunen. Ei dagsturhytte vil her også fungere som sikringsbu. Tiltaket vil vere eit ordinært anlegg for friluftsliv.

Kvile og utkikkspunkt Vindrekenstien

Vindreken er den brattaste turstien i Balestrand, men også den som gjev det mest spesielle oppleving av høgde og utsikt. Ein installasjon her for rast og kvile eller ei enkel natt i sovepose vil kunne gje ei heilt spesiell naturoppleveling. Tiltaket vil vere eit ordinært anlegg ev. nærmiljøanlegg for friluftsliv.

Tursti – Vetlefjorden, Meel

Opparbeide tursti langs elva ved Meel kraftverk og til jettegrytene ved Trolløyane. Kan kople stien saman med naturmøteplassen i Trolløyane samt etablere toalett i tilknyting til aktivitetsområdet her. Krev grunneigaravklaring, Anlegget vil kunne ha rett til spelemidlar anten som eit ordinært anlegg eventuelt nærmiljøanlegg, for friluftsliv. Prosjektet treng noko meir detaljavklaring, og plassert i langtidsprogram. Ansvarleg: Vetlefjorden IL. Aktuelle samarbeidspartar; Nasjonal turistveg, Meel kraftverk, Vetlefjorden grenadalag, Fjordljos 4H

Tursti – Gaularfjellet, Jostedalsbreen nasjonalpark

Gaularfjellet er eit fint utgangspunkt for å komme inn i Jostedalsbreen Nasjonalpark. Enkel tilrettelegging frå parkeringspunkt på ved Utsikten og/eller gamle brøyttestasjonen oppe på Gaularfjellet. Tiltak; Informasjon, merking/varding. Anlegget vil kunne ha rett til spelemidlar som eit ordinært anlegg for friluftsliv. Krev vidare detaljert plan og grunneigaravklaring. Mogleg ansvarleg: Lokalt turlag. Aktuelle samarbeidspartar; Nasjonalparkstyret for Jostedalsbreen Nasjonalpark. Nasjonal turistveg. Visit Sognefjord AS. Turlag.

Tursti – Gularfjell til Sværen gjennom Sværaskaret

Tilrettelegging av sti og bru. Skilting ved parkeringsplassar ved Torsnesstølen og Sværafjorden
Krev detaljert plan og grunneigaravklaring. Anlegget vil kunne ha rett til spelemidlar som eit ordinært anlegg for friluftsliv. Mogeleg ansvarleg: Lokalt turlag. Aktuelle samarbeidsparter: Nasjonal turistveg, Vetlefjorden grendalag, Vetlefjorden IL.

Via Ferrata – Keipen, Tjugatoten

Tilrettelegging av sti og via ferrata slik at ein kan gå fra Keipen til Tjugatoten. Krev kompetent planlegging og prosjektering. Krev grunneigaravklaring. Anlegget vil kunne ha rett til spelemidlar som eit ordinært anlegg for friluftsliv. Ansvarlege: Kommune/Turlag. Aktuelle samarbeidsparter: Høyanger og Balestrand turlag, Keipenstiens dugnadsgjeng, Visit Sognefjord AS, Balestrand Adventure AS.

Turvegar – Lunde arboret

Oppgradere turvegane i arboretet. Vil i dels kunne bli tilrettelagt med universell utforming og vere eit lågterskeltibod. Kan koplast saman med Lunde Fjordcamp og Lunde friområde/badeplass. Vil styrke opplevelingstilbod i tilknyting fjordbasert friluftsliv og også reiselivsprodukt knytt til verksamder som driv med båt og kajakktilbod i Balestrand. Krev vidare detaljplanlegging. Anlegget vil kunne ha rett til spelemidlar som eit nærmiljøanlegg for friluftsliv. Mogeleg ansvarlege: Kommune (eigar). Aktuelle samarbeidsparter: Tjugum og Esefjorden grendalag, reiselivsaktørar.

Bygningsmessig opprusting – Belehalli

Generell opprusting av Belehalli. Bygget er 28 år og kan trenge opprusting og kvalitetshaving til dagens standard. Aktuelle tiltak er utvendig kledning, garderober, akustikk i hallen, lys i hallen, kjøkken, VVS-løysingar (varmtvasstankar m.v.) Det er gjort ei tilstandsvurdering etter NS 3451. Anlegget vil kunne ha rett til spelemidlar som eit ordinært idrettsanlegg. Ansvarleg: Kommune (eigar). Aktuelle samarbeidsparter: Sygna VGS AS, Balestrand idrettslag.

Skitrekk – Saurdal skairena

Skitrekket i Saurdal er eit tautrekk for barn og unge. Anlegget er lokalisert med skihytta og langrennsløypene i området. Lengde på trekket er ca. 170 m. Anlegget har ulike nedfartsløyper, mindre hopp og høve for jibbeaktivitet. Anlegget treng ei oppgradering i standard. Det er også planlagt ei lita forlenging på trekket på ca. 50 m. for å auke lengde på nedkjøringa. Ei slik utviding gjev også høve til eit trinn to seinare med eit lengre skitrekk på ca. 500 m i forlenging av dette. Ei slik potensiell utbygging vil gje eit anlegg som vil gje tilbod til folk i alle aldrar. Anlegget vil kunne ha rett til spelemidlar som eit ordinært idrettsanlegg. Ansvarleg: Balestrand Idrettslag/Nytt selskap.

Skiløype – Saurdal skairena

Ca 1 km av skiløypetraseen er planlagt oppgradert. Traseen vil bli utbetra slik at preparering kan skje med mindre snø. Det vert utbetring av bruer og opparbeiding med tilstrekkeleg breidde for trakkemaskin som vert nytta. Ansvarleg: Balestrand Idrettslag.

Stupetårn, flytebrygge m.m. – Hittunsfjøra friområde

Tilrettelegge for aktivitet utfør laguna for dei større ungane/ungdommar med stupetårn flytebrygge og liknande. Også ynskjeleg med trampoline på land (nedgravd som i parken i Sogndal), grillhytte m.m. Ansvarleg: Kommune (eigar). Aktuelle samarbeidsparter: Ungdomsråd, reiselivsnæring.

13.2 Sogndal

Under følgjer ei liste med tiltak som ikkje er ferdig prosjektert, men som dei ulike søknadsdyktige organisasjonane har ønskje om å realiser eit stykke fram i tid.

Kaupanger idrettslag:

- Kaupangerskogen- Rehabilitering av skistadion
- Kaupanger stadion- Rehabilitering kunstgras
- Kaupanger stadion- Etablere naturgras fotballbane
- Kaupanger stadion- Etablere bmx-bane
- Kaupanger stadion- Etablere tennisbane
- Kaupanger- Merking av turløyper
- Kaupanger- Etablere grillplass/møteplass

Sogn Ridehall AS:

- Kaupanger travbane- Etablere utandørs ridebane 80x100 til trening, konkurransar og utstilling
- Kaupanger travbane- Etablere kombinerthinder til maratonkjøring, feltritt, brukshest og skogshest
- Kaupanger travbane- Rehabilitering av utebaner og travbane, lysanlegg
- Kaupanger travbane- Etablere idrettshus- lager, møterom og sanitæreranlegg

Indre Sogn Kystlag

- Amlabukti- Etablere naust med sanitæreranlegg, møterom og kjøken
- Amlabukti- Etablere grindbygg over kaien
- Amlabukti- Etablere landgang i kaien

Songdal Skisenter Drift AS

- Hodlekve- Hoppanlegg K8 og K20
- Hodlekve- Høghaug vandresti
- Hodlekve- Kavavatni terrengsykkelsti
- Hodlekve- Alpinbakke og heis for lågterskel slalåmløype
- *Hodlekve – Kambafjellet t-krok*

Andre innspel

- Kaupanger skule- Etablere idrettshall

13.3 Leikanger

Friluftsliv:

- Kleppa- Rehabilitering av gamle skihytta
- Nybø- etablere kai-anlegg, grillhytte m.m.
- Rusta opp vegar / stiar for å betra tilkomst
- Driftsbygg for fjordsport
- Etablere ny enkel skihytte ved Liaskard med fasilitetar for tidtaking og toalett på Øvstestølen

Idrett:

- Nytt symjebasseng
- Rehabilitering av Leikangerhallen
- Rehabilitering av garderobeanleggget ved Leikanger barneskule
- Ombygging av friidrettsstadion, 400 m løpebane og fullt utbygd kastanlegg
- Rehabilitering av kunstgrasbana
- Rehabilitering av skitrekket på Kleppa
- Rullestol-rulleskiløype på Kleppa



Det er gjeve løyve til å nytta bileta i planen. Bileta i er tekne av fylkeskommunen, Leikanger skyttarlag, Arne Abrahamsen og Eilif Rosnæs.

Vedlegg:

Anleggsregister

Samanfatta dokument frå alle 3 kommunane. Vert lagt ved før planen vert vedteken.

Kart

Vert lagt inn før planen vert vedteken.

Resultatvurdering

Resultatvurdering av prosjekta i HP 2013-2018

Innhald

1.1 Balestrand kommune	1
1.2 Leikanger kommune	7
1.3 Sogndal kommune	8

1.1 Balestrand kommune

1. Leirduebane Esebotn

Prosjekteigar; Balestrand Jeger og Fiskelag. Prosjektet har ein kostnadsramme på kr 760.000, og planlagt oppstart i 2016. Det var sett av kr 50.000 i kommunalt tilskot.

Vurdering

Det er søkt og motteke tilsegn om spelmidlar på kr 262.000 i 2016. Tiltaket er igangsett i samsvar med førehandsgodkjent plan og søknad. Prosjektet har søkt og fått førehandsutbetalt kr 210.000 av spelemedilane og kommunalt tilskot på kr 50.000. Forventa ferdigstilling 1. oktober 2018.

2. Kunstgras rehabilitering - Kreklingen

Prosjekteigar; Balestrand kommune. Prosjektet hadde budsjettert kostnadsramme på 3.40 mill kr i 2016. Vart ferdigstilt i 2016 samsvar med førehandsgodkjent plan.



Nytt kunstgras kom på plass i mai 2016
Mykje dugnad for store og små

Vurdering

Det var søkt om spelmidlar til rehabilitering av kunstgrasdekke med kr 1.000.000. Denne vart godkjent, og tiltaket vart prioritert inn i Regional plan i 2018. Prosjektet vart gjort opp med ein kostnad på kr 3.283.155. Spelemedilar er betalt ut i 2018 og prosjektet er avslutta.

3. Friområde Hittunsfjøra – sanitærbygg og aktivitetsflate

Prosjekteigar; Balestrand kommune. Prosjekta hadde budsjettert kostnadsramme på samla 1,40 mill kr i 2016.



Badelaguna vart ferdig til bruk i 2016. På dagar med fint ver var det mykje folk som bada og kosa seg frå tidleg om morgonen til seint på ettermiddag og kveld.

Vurdering

Prosjektet er ferdigstilt i samsvar med førehandsgodkjent plan. Det var søkt og motteke spelemidlar på kr 416.000 for sanitærbygg i 2016. Det var vidare søkt om spelemidlar til aktivitetsflate med kr 90.000. som vart motteke i 2017. Prosjektet er gjennomført og avslutta med ein samla kostnad på 1,40 mill kr.

4. Tursti Raudmelen – fase 3

Prosjekteigar; Balestrand kommune. Prosjekta hadde budsjettert kostnadsramme på samla 190.000 i 2016.



Viktig med hellelegging kring dei våte partia, her ved Buråsi.


Vurdering

Prosjektet er i gjennomført i samsvar med førehandsgodkjent plan. Det var søkt om spelemidlar til prosjektet første gang i 2016 og vidare fornya i 2017 og 2018. Ein fekk tilslagn på, og har motteke, kr 104.000 i spelemidlar i 2018. Prosjektet er gjennomført med ein samla kostnad på 208.000 og er avslutta i 2018.

Turstien til Raudmelen har blitt svært populær og meir og meir som eit fyrtårnprosjekt med stort potensial. Prosjektet må bli sett i samanheng med dagsturhytta Baly på Raudmelen og vidare opprusting av tusrtien i nytt prosjekt i 2018. Dette prosjektet kan r følgjast opp med eit nytt prosjekt som kompletterer det flotte arbeidet som er gjort så langt. Det er aktuelt å utbetre stien ned Kallbakk slik at dette vert ein enda finare rundtur. Frå Raudmelen er det også flott stinett vidare opp i høgfjellet til Munkeggi, rundturar til Bruhjell via Farvatnet og ikkje minst til Saurdalsfjella. Balestrand har her eit unikt stinett – og potensial som kan utviklast vidare – alt i gangavstand frå Balestrand sentrum!

4. Tursti - Keipen

Prosjekteigar; Balestrand kommune. Prosjektet hadde budsjettet kostnadsramme på samla 1,6 mill i 2017.



Kan her konstatere at det er godt utført arbeid av Sherpaene med trapp i vanskeleg parti. Og så boremeister Jørgen som gjer viktig arbeid på dugnad med sikring med boltar og wire nærmere toppen.

Vurdering

Prosjektet fekk tilsegn om spelemidlar på kr 822.000 i 2017. Prosjektet er langt på veg gjennomført i samsvar med førehandsgodkjent plan - og så langt med svært godt resultat. Det er liten tvil om at dette prosjektet vil leve opp til forventningane og bli ei turoppleveling i den absolutte toppdivisjon her i fylket. Det ser ut til at det planlagde prosjektet kan gjennomførast innanfor avsett økonomiske ramme. Prosjektet vil bli avslutta i løpet av 2018.

5. Dagsturhytte Gulleplenipa - Keipen

Prosjekteigar; Balestrand kommune. Prosjektet vart budsjettet med kr 600.000 i 2016. Dette er seinare justert i tråd med eksakte tilbod, seinast i 2018 til kr 820.000.



*Gulleplenipa
- ein flott fjellformasjon langs Keipenstien.*

Vurdering

Prosjektet fekk tilsegn om spelemidlar på kr 297.000 i 2017/2018, samt lovnad om tilskot på kr 200.000 frå Sparebankstiftinga i Sogn og Fjordane. Arbeida har ikkje blitt kunne bli sett i gang før i 2018 ut i frå avklaringar knytt til grunn. Prosjektet er no sett i gang og ein reknar med å gjennomføre det meste av prosjekt i 2018. Det kan gjenstå mindre og avsluttande arbeid til 2019

6. Belehalli miniatyrskytebane – elektroniske skiver

Prosjekteigar; Balestrand kommune. Prosjektet vart budsjettet med kr 525.000 i 2017.



Treffsikre gutar får god rettleing
på miniatyrskytebana

Vurdering

Prosjektet er igangsett i 2017 og venta ferdig i 2018. Arbeida vert som førsett i all hovudsak gjennomført av Balestrand skyttarlag. Det vart søkt om spelemidlar på kr 175.000 i 2017 og 2018. Prosjektet er godkjent og spelemidlar er avsett i Regional plan i 2019. Søknaden må bli fornva i 2018, då basert på revidert rekneskap om prosjektet er ferdig. Må då vere med i HP 2019.

7. Saurdal skairena – klubbhus/lagerbygg

Prosjekteigar; Balestrand idrettslag. Prosjektet vart budsjettet med kr 190.000 i 2016 og vidare oppjustert med budsjett på kr 240.000 i 2017.

Vurdering

Det vart søkt om spelemidlar på kr 63.000 i 2017, og fornva søknad med søknad om kr 80.000 i 2018. Søknaden vart godkjent, men prosjektet fekk ikkje tilsegn om spelemidlar. Balestrand kommunestyre vedtok ut i frå dette å forskottere desse spelemidlane for idrettslaget. Prosjektet er igangsett og venta ferdig i 2018. Søknaden må bli fornva i 2019. Må då vere med i HP 2019.

8. Tursti – Pilegrimsstien - Kvamsøy

Prosjekteigar; Balestrand kommune. Prosjektet vart budsjettet med ei kostnadsramme på kr 30.000 i 2017.




Langs Pilegrimsstien kan ein også oppleve Nord Europas tettaste samling av «tusenårseiker». Og det er ikkje småtteri!

Vurdering

Prosjektet vart så lite at det ikkje vart søkt spelemidlar. Prosjektet med 4,5 km sti er ferdigstilt. Det er også på plass avtale med alle grunneigarane for dette prosjektet. Prosjektet er gjennomført i 2016 og avslutta i 2017 i samsvar med avsett budsjett ramme.

9. Lunde friområde – oppgradering av badeplass/friområde

Prosjekteigar; Balestrand kommune. Prosjektet vart budsjettert med kr 140.000 i 2017.



Lunde friområde er ei perle med nærelik til sentrumssområda i Balestrand. Dette gjev gode føresetnader for betre tilrettelegging av sjøbasert friluftsliv.

Vurdering

Prosjektet vart søkt, og har motteke og har motteke tilsegn, på kr 100.000 gjennom ei tilskotsordning til statleg sikra friluftsområde frå Miljødirektoratet. Prosjektet er i hovudsak gjennomført og er planlagt avslutta i 2018. Lunde friområde er saman med Arboretet på Lunde eit samanhengande kommunalt eigd friområde på 22 da. Dette har eit potensial til betre utnytting! Med bakgrunn i den auka bruken av fjorden til kajakkpadling og anna sjøbasert friluftsliv har ein sett i gang ein prosess med planlegging og gjennomføring av Lunde fjordcamp (eige prosjekt).

1. Opprusting utstyr Belehalli


Prosjekteigar; Balestrand kommune. Årleg avsett kr 20.000 i driftsbudsjetten.

Vurdering

Gjev ikkje rett til speleomidlar. Gjennomført. Bør vidareførast sjølv om det ikkje er ein del av framtidig plan.

11. Dagsturhytte Raudmelen

Prosjekteigar; Balestrand kommune. Prosjektet vart budsjettert med kr 972.000 i 2017.



BALY – Raudmelen

Vurdering

Prosjektet fekk tilsegn om speleomidlar på kr 324.000 i 2018. Prosjektet er langt på veg gjennomført i samsvar med førehandsgodkjent plan. Prosjektet treng nokre mindre tilpassingar og er føresett avslutta i løpet av 2018. Prosjektet framstår no etter at det er bygd, som eit spennande og flott tiltak som også løfter attraktiviteten til det samla prosjektet med turstien til Raudmelen.

12. Tursti Raudmelen – samla prosjekt

Prosjekteigar; Balestrand kommune. Prosjektet vart budsjettert med kr 1.912.000 i 2018.



*Turen til Raudmelen startar i sentrum
- og har det meste..*

Vurdering

Prosjektet fekk tilsegn om spelemidlar på kr 956.000 i 2018. Prosjektet er langt på veg gjennomført i samsvar med førehandsgodkjent plan. Dei parsellane som no står att er føresett avslutta i løpet av 2018 ev. i 2019. Gjennomføring av tiltaka på stien gjer at kvaliteten på turen aukar, slitasje på terrenget vert betydeleg redusert og attraktiviteten kring den sama opplevinga vert stor. Erfaringane så langt og tilbakemeldingar viser at ambisjonane om eit fyrтårnprosjekt vil bli oppfylt.

13. Lunde fjordcamp

Prosjekteigar; Balestrand kommune. Prosjektet vart budsjettert med kr 130.000 i 2018.



Sognefjorden og Esefjorden har flotte forhold for sjøbasert friluftsliv. Lunde fjordcamp legg til rette med kai, landingsplass, og leirplassen «Redet» planlagt og bygd av BAS-studentar.

Vurdering

Prosjektet fekk tilsegn om spelemidlar på kr 220.000 i 2018. Prosjektet er oppstarta i samsvar med førehandsgodkjent plan. Det samla prosjektet er føresett avslutta i løpet av 2019.

14. Bocciabane

Prosjekteigar; Balestrand kommune. Prosjektet vart budsjettert med kr 630.000 i 2018.

Vurdering

Prosjektet vart godkjent med fekk ikkje tilsegn om spelemidlar på kr 65.000 i 2018. Prosjektet er ikkje oppstarta i samsvar med førehandsgodkjent plan. Det samla prosjektet er føresett avslutta i løpet av 2019.

1.2 Leikanger kommune

Kunstgrasbane SYRIL STADION

Prosjekteigar; Syril. Prosjektet hadde oppstart i 2013. Det vart gitt eit kommunalt tilskot på kr. 1000.000. Prosjektet fekk ei tildeling på spelemidlar på kr. 1792.000 i 2014. Prosjektet er ferdigstilt.



Leikanger idrettspark – garderobar

Prosjekteigar; Leikanger kommune. Prosjektet fekk tildeling til garderobebeanlegget på kr. 1000.000. Prosjektet er ferdigstilt og pengane er utbetalte.

Kleppa skianlegg - driftsbygning

Prosjekteigar; Syril. Prosjektet fekk tildeling på spelemidlar til driftsbygning på kroner 333.000. Prosjektet er ferdigstilt og pengane er utbetalte.

Klatrepark: Syril Stadion / Leikanger barneskule

Prosjekteigar; Leikanger kommune. Prosjektet hadde oppstart i 2015. Det vart sett av kr 200.000. i kommunalt tilskot. Det vart søkt og motteke i spelemidlar på kroner 300.000 i 2015 / 2016. Prosjektet er ferdigstilt.



Område: Leikanger skyttarstadion, ny skyttarstadion og nytt klubbhus

Prosjekteigar; Leikanger skyttarlag. Prosjektet hadde oppstart i 2016, og ein totalkostnad på 4500.000. Prosjektet fekk ei tildeling på 400.000 i kommunal tilskot i 2017. Det er søkt og fått tildeling av spelmanidlar på kr 1000.000 i 2017 og 1000.000 i 2018. Tiltaket er revidert, og har fått utbetalte alle midlane. Prosjektet er ferdigstilt.



Lysløype på Øvstestølen på Kleppa.

Prosjekteigar; Syril. Det vart søkt om spelemidlar til rehabilitering av PCB-holdig lysarmatur i lysløypa på Øvstestølen i 2017. Prosjektet fekk tildeling same år, og er ferdigstilt i 2018. Beløpet er ikkje utbetalte.

Dagsturhytta Orrabu på Eggjahaugane.

Prosjekteigar; Leikanger kommune. Prosjektet vart budsjettert med kr 700.000 i 2017. Dette er seinare justert i tråd med eksakte tilbod, seinast i 2018 til kr 1083.025. Prosjektet fekk tilsegn om spelemidlar på kr 361.000 i 2018, samt lovnad om tilskot på kr 200.000 frå Sparebankstiftinga i Sogn og Fjordane. Arbeidet er godt i gang, og det meste av prosjektet er gjennomført i 2018. Beløpet er ikkje utbetalt.



Merking av turstiar - løyper

Det har i den seinare tida vorte gjort eit stort dugnadearbeid i Leikanger som gjeld merking av turløyper og stiar, både i nærområda og fjellområda. Det har ikkje har vorte søkt om spelemidlar til desse prosjekta, men dugnadsarbeidet har vore svært viktig for tilrettelegging av turmoglegheiter. Dette gjeld både innbyggjarane og dei som vitjar Leikanger.



7.3 Sogndal kommune

I førre planperiode har Sogndal kommune vore i stor utvikling og auka antal anlegg for fysisk aktivitet og idrett. Dette gjeld både for anlegg knyt til organisert og uorganisert aktivitet. Under går vi igjennom dei ulike anlegga som har fått tildeling av spelemidlar i kommunen i førre planperiode. Nokre av anlegga vart søkt allereie i planperioden 2009-2013. Igjennom denne ordninga har anlegg i kommunen fått Kr 14 922 250,- i spelemidlar til ferdigstilte anlegg. Framleis har Sogndal kommune 13 anlegg som har søkt og er godkjent av fylkeskommunen, men som framleis ikkje har fått prioritering. Desse 13 anlegga har til saman ei søknadssum på Kr 18 843 000 og kan fornyast som søknad for 2019 og eventuelle seinare år. Etter 2015 har kommunen hatt auka fokus på moglegheita som denne ordninga gjev i form av støtte for utbygging. Vi er no ein av dei kommunane som har flest søknader og får inn mest midlar totalt.

2013

Kvåle stadion – område for kastøvingar med meir.

I samband med planarbeid for Kvåle stadion vart det utarbeidd ein søknad som skulle dekke fleire tiltak. Sandvolleyballbane, treningsapparat og nytt kastfelt slik at kunstgras kunne leggast på 11'ar bana utan at kastmoglegheita for spyd i anlegget vart borte. Seinare vart dette kastarealet funne ikkje tilfredstillande og dermed vart delar av summen utbetalt frå fylkeskommunen betalt tilbake.

Vurdering:

Tiltaket er ferdig, men plan for nytt kastfelt må reviderast. Kr 427 000,- er utbetalt for søknaden.

Kvåle skatepark

Etter innspel frå ungdomsskulen om eit ønskje til eit skateanlegg vart ei rampe oppført og bygd ved hjelp av spelemidlar. Tiltaket vart godt teke imot av dei unge på Kvåle skule.

Vurdering:

Tiltaket er ferdig, men dessverre har det i dag behov for ei oppdatering. I illustrasjonsplan for Kvåle stadion i ny områdereguleringsplan for Campus er det teikna inn blant anna ei ny skatepark. Kommunen håpar at det skal vera mogleg å opparbeide eit anlegg som er enda betre tilpassa dei behov som ligg hjå brukarane på Kvåle og Sogndal generelt i dag. Kr 13 250,- er utbetalt til dette anlegget.

2014

Kvåle stadion – Rehabilitering av kunststoffdekke

Sogndal fotball har driftsavtale for delar av anlegget på Kvåle stadion. Blant anna det som omfattar fridrettsanlegget er det driftsavtale med Sogndal kommune. I 2014 vart det gjeve tilsegn til søknad om spelemedlar for rehabilitering av kunststoffdekke på stadion. I etterkant har det vore ei kontroll av dette arbeidet i samsvar med føresegn.

Vurdering:

Anlegget vart betre enn kva det var før og kommunen håpar at friidrettsanlegget vert oppgradert i framtida og i samsvar med det planarbeidet som er i gang, og vert tilfredstilande for dei brukargruppene som nyttar anlegget. KR 413 000,- er utbetalt for dette tiltaket.

Sogndal Skisenter – Lysløype

Sogndal Skisenter Drift AS fekk i 2014 tilsegn på søknad om å fullføre lysløypa i Hodlekve.

Vurdering:

Tiltaket har etter kva kommunen kan sjå, auka bruken av skiløypa i Hodlekve markant og gjev eit viktig bidrag til langrennssporten i området. Tilskotet gjeve er på KR 127 000,-.

2015

Kaupanger kai – Flytebryggje

Indre Sogn kystlag søkte om å få oppføre ei flytebrygge for å få plass til robåtane som laget eige og drive aktivitet med. Laget hadde ikkje brukt alle midlane som dei hadde lagt opp til i budsjettet, derfor vart tilsegnssum noko ned skalert ved revisjon av anlegget.

Vurdering:

Tiltaket er oppført slik det vart søkt om, og er blitt eit godt anlegg som kan gje auka aktivitet for Kystlaget. KR 158 000,- vart utbetalt til dette anlegget.

Trudvang ballbinge – Rehabilitering

Trudvang Barneskule søkte og fekk tilsegn på rehabilitering av ballbingen som er plassert innanfor skulen sitt område. Føresegna til spelemedlar opnar for at slike tiltak kan få rehabilert blant anna dekke etter 10 års bruk.

Vurdering:

Tiltaket vart tildelt KR 58 000,-. Rekneskapet er ikkje innlevert og summen er derfor ikkje utbetalt.

2016

Fosshaugane Campus – Undervarme kunstgras

Eit forskingsprosjekt på undervarmeteknologi vart satt i gang og godkjent av departementet ved bytte av dekke på Fosshaugane Campus. Diverre fungerte ikkje undervarmen slik den skulle i første omgang og det har derfor vore endra til meir tradisjonell teknologi.

Vurdering:

Siste tildeling og utbetaling i prosjektet for undervarme vart gjeve i 2016, tildeling var på KR 700 000,-.

Fosshaugane Campus – Garderobe

Rehabilitering og endring av garderobesituasjonen til hovud-fotballstadion til Sogndal Fotball vart gjeve tilsegn i 2016.

Vurdering:

KR 500 000,- vart gjeve til dette tiltaket.

Sogndal Skisenter – Rindabotn sanitæranlegg

Etter oppføring av skitrekk i Rindabotn har det vore eit behov for toalett til anlegget. Dette vart søkt og fekk tildeling i 2016.

Vurdering:

KR 358 000,- vart tildelt, men beløpet er ikkje utbetalt enda på grunn av at rekneskapet ikkje er revidert og innsendt.

Fjordstien – Sanitæranlegg

Sanitæranlegg i samband med oppføring av fjordstien har vore eit behov. Fjordstien gjev nye mønster til korleis innbyggjarane forflyttar seg i sentrum. Sanitæranlegg reknast som eit tilleggselement til ei anleggsflate.

Vurdering:

KR 217 000,- vart gjeve til anlegget. Beløpet er utbetalt og anlegget ferdig.

Kaupanger stadion – Garderobebygg

Eit større arbeid har vore lagt ned for å oppgradere fasilitetane til Kaupanger stadion. Blant anna har eit nytt garderobebygg kome opp.

Vurdering:

I 2016 vart det gjeve tilsegn til spelemidelsøknaden på det nye garderobebebygget. KR 1 000 000,- har vore utbetalt til dette anlegget.

Trudvang klatrepark

Fylkeskommunen har i samarbeid med sparebankstiftinga og kommunane i fylket hatt eit prosjekt for utvikling av klatreparker som nærmiljøanlegg kor barn og unge var målgruppa. Trudvang var den første av tre slike parkar som har fått spelemidlar i kommunen. Anlegget har vorte eit flott tiltak for barna på skulen.

Vurdering:

Tiltaket har fått utbetalt KR 300 000,- i spelemidlar og er ferdigstilt.

Fosshaugane campus – Treningscenter kjellar

Idrettssenteret har vore utvida fleire gonger, denne søknaden tek utgangspunkt i utvidinga som vart gjennomført i kjellaren.

Vurdering:

Tiltaket er ferdig har fått utbetalt KR 700 000,-

2017

Bøyadalen o-kart

Fylkeskommunen hadde nokre ekstra midlar på slutten av året i spelemiddelpotten. Løyvinga vart derfor gjeve utanom det ordinære vedtaket i utvalet hjå fylkeskommunen. Tiltaket gjeld utarbeiding av orienteringskart i Bøyadalen i Fjærland.

Vurdering:

Tiltaket har fått utbetalt KR 37 000,- og er ferdig.

Fosshaugane Campus – Kunstgras

I 2017 fekk Sogndal Fotball den første tildelinga av spelemiddelsøknad om nytt kunstgras på Fosshaugane. Bana er hovudbana til A-laget.

Vurdering:

KR 712 000,- vart utbetalt i 2017. Søknaden vart gjenteken i 2018.

Sogndal skisenter – Ny heis Kalvavatnet

Utbrygginga av Sogndal skisenter har gjeve store nye moglegheiter til skikøyring i området og har vorte landskjent for dette. Heisane fekk tildeling før medfartane med årsak i at dei var ferdig og at kostnaden framleis ikkje var heilt sikker for medfartane.

Vurdering:

Anlegget har fått tildelt og utbetalt KR 1 000 000,-.

Sogndal skisenter – Ny heis Rindabotn

Rindabotn er hovudheisen som fraktar skifolk opp på fjellet frå parkeringsplassen i Rindabotn.

Vurdering:

I likhet med Kalvavatnetheisen har anlegget fått tildelt og utbetalt KR 1 000 000,-.

Fjordstien

I søknadsrunden til 2017 fekk kommunen sendt inn ei ny søknad for dette anlegget. På grunn av at anlegget klassifiserast som eit friluftsanlegg vart Fjordstien da tildelt midlar allereie første søknadsår.

Vurdering:

Anlegget vart tildelt KR 1 000 000,-, desse midlane er ikkje utbetalt enda på grunn av at anlegget ikkje har vore ferdig og at rekneskapet dermed ikkje er på plass.

Sogndal skisenter – Rehabilitering av eldre heis

Den gamle hovudheisen i Hodlekve har hatt behov for ein oppgradering og ny motor. I 2017 fekk søknaden tilsegn.

Vurdering:

Søknaden fekk tilsegn på KR 997 000,-, midlane er utbetalt og anlegget ferdig.

Eidsgrens Tursti

Frå Eide stranda og opp til Vesterland går det ein tursti. Denne har vore smal og vanskeleg å gå på om vinteren. Eidsgrens Velforening har utbetra stien med grus og der kor den var svært smal har den vorte utvida.

Vurdering:

Tiltaket fekk tilsegn på KR 87 000,-, midlane er utbetalt og tiltaket ferdigstilt.

Fjærlandoppvekstsenter klatrepark

Fylkeskommunen har i samarbeid med sparebankstiftinga og kommunane i fylket hatt eit prosjekt for utvikling av klatreparker som nærmiljøanlegg kor barn og unge var målgruppa. Fjærland var den andre av tre slike parkar som har fått spelemidlar i kommunen. Anlegget har vorte eit flott tiltak for barna på skulen som hadde eit stort behov for eit slikt anlegg.

Vurdering:

Tiltaket har fått utbetalt KR 300 000,- i spelemidlar og er ferdigstilt.

Eidsgrenda Fleirbruksområde

Samstundes med søknad om utbetring av tursti såkte Eidsgrenda Velforening om opparbeiding av eit fleirbruksanlegg for ballspill og skeise.

Vurdering:

Tilsegn på KR 71 000,- vart gjeve og utbetalt for anlegget.

2018

Sogndal idrettshall – Rehabilitering av basseng

Fylkeskommunen eig og driftar Sogndal idrettshall, i 2015 vart det søkt om spelemedilar for rehabilitering av denne hallen. Opphavleg var det 7 ulike søknader, men for søknadsrunden til 2018 vart desse slått saman til 2. Ventilasjon, skiljeveggar, nye garderobar og ny universell tilpassing er nokre av tiltaka som er utbetra i denne rehabiliteringa. For denne søknaden er det alt som er knytt til bassenget sin funksjon som vert søkt om spelemedilar for.

Vurdering:

I 2018 vart det gjeve tilsegn til KR 695 000,- til tiltaket. Midlane er ikkje utbetalt enno då tiltaket ikkje har ferdig revidert rekneskapet.

Kvåle stadion – 11'ar bane kunstgras

Hovudbana for fotball på Kvåle vart lagt om til kunstgras sommaren i 2017. Tiltaket har også fått opp lys rundt bana som har auka bruken av heile anlegget.

Vurdering:

I 2018 fekk Sogndal Fotball som søker tilsegn på søknaden på KR 2 149 000,-.

Stedjestova dagsturhytte

Sparebankstiftinga og fylkeskommunen har tidlegare hatt fleire samarbeidsprosjekt. Prosjektet som har vore under utvikling frå 2016 er oppføring av ein dagsturhytte på eit kjent turmål i kvar kommune i fylket. Etter ei grundig prosess har valet av plassering av hytta landa på Stedjeåsen for Sogndal kommune.

Vurdering:

I søknadsrunden i 2018 vart det gjeve tilsegn til søknaden på KR 321 000,-. Beløpet er ikkje utbetalt da prosjektet ikkje er ferdig.

Ylvisåker ballbane

Norane idrettslag har hatt rehabilitering av ei fleirbruksbane for fotball, tennis, basketball og handball inne som søknad nokre år. Dette anlegget fekk tilsegn i 2018.

Vurdering:

Anlegget har fått tilsegn på KR 186 000,- midlane er ikkje utbetalt enno.